

Møteinnkalling

Utval:	Trafikktryggingsutvalet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	15.03.2021
Tid:	09:00

Program:

Kl. 09:00	Møtestart
Kl. 09:00 - 09:50	Orienteringar ; <i>*Arbeidet med russekull 2021</i> v/ Hege Osebakken, seniorrådgjevar, avd. for opplæring og kompetanse. <i>*Trafikktryggingsarbeidet på trafikantavdelinga</i> v/ Torbjørn Brosvik, seksjonssjef, Statens vegvesen.
Kl. 09:00 - 10:00	Pause
Kl. 10:00	Sakshandsaming

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Melding om forfall:

Alle medlemmer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Trafikktryggingsutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Jannicke Bergesen Clarke
utvalsleiar

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 3/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i trafikktryggingsutvalet 25.01.21	2020/77170	
	Referatsaker		
RS 5/21	Notat om trafikkregulering i Drotningstveit	2019/101	
RS 6/21	Nominering av kandidatar til årets trafikktryggingssak	2021/1622	
RS 7/21	Handlingsprogram for trafikktrygging - status per februar 2021	2020/62195	
RS 8/21	Årsplan for FTU 2021	2019/101	
RS 9/21	Svar på spørsmål frå Leif Fjellro (Folkepartiet Vestland/uavhengige) om språkkrav til bussjåførar og tiltak for å redusera skadeomfanget på bussmateriell	2019/101	
	Politiske saker		
PS 2/21	Tilskot - Trafikktryggleiksaktivitetar	2020/78745	
PS 3/21	Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2021	2020/79068	

Godkjenningssaker
GK 3/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksnr: 2020/77170-5
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingsutvalet	4/21	15.03.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i trafikktryggingsutvalet 25.01.21

Møteprotokoll frå møte i trafikktryggingsutvalet 25.01.21 er vedlagt.

Møteprotokoll

Utval:	Trafikktryggingsutvalet
Møtestad:	Fjernmøte
Dato:	25.01.2021
Tid:	09:10-11:05

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jannicke Bergesen Clarke	Leiar	A
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP (frå kl. 09:25)
Sigurd Erlend Reksnes	Medlem	SP
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	SP
Hanne Eva Husebø Kristensen	Medlem	H
Marthe Hammer	Nestleiar	SV

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Morten Klementsén	Medlem	UA

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Leif Bjarne Fjello	Morten Klementsén	UA

I tillegg var invitert og møte:

Statens vegvesen v/Sindre Lillebø
 Vest politidistrikt v/Ola Akselberg
 Trygg Trafikk v/Knut Olav R. Nestås, Audun Heggstad, Kjell Magne Seim
 Vestland fylkeskommune v/Trond Hollekim, Carl Erik Nielsen, Silje Aaberge Aalbu, Eva Vinjevoll, Even Vaular

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Dina Lefdal	Fylkesdirektør infrastruktur og veg
John Martin Jacobsen	Seksjonssjef forvaltning og utgreiing
Lotte Karoline Lynngård	Rådgjevar/møtesekretær

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.11.2020	2020/43705	
	Referatsaker		
RS 1/21	Pilotprosjekt for elsparkesyklar i Bergen kommune	2019/101	
RS 2/21	Søknad om drifts- og aktivitetsmidlar for Trygg Trafikk Vestland 2021	2019/101	
RS 3/21	Ny samarbeidsavtale mellom Trygg Trafikk og Vestland fylkeskommune signert.	2021/1109	
RS 4/21	Svar på spørsmål frå Bjarte Vatnøy (Frp) om sikring av Fv.5454 på Seim i Alver kommune.	2019/101	
	Politiske saker		
PS 1/21	Fordeling av FTU-midlar for 2021	2019/101	

Godkjenningssaker

GK 1/21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 25.01.2021

Møteinnkalling og sakliste vart godkjend utan merknader.

GK 2/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 16.11.2020
Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 25.01.2021

Møteprotokoll frå møte 16.11.2020 vart godkjend utan merknader.

Referatsaker

RS 1/21 Pilotprosjekt for elsparkesyklar i Bergen kommune
Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 25.01.2021

RS 1/21 vart referert.

RS 2/21 Søknad om drifts- og aktivitetsmidlar for Trygg Trafikk Vestland 2021
Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 25.01.2021

RS 2/21 vart referert.

RS 3/21 Ny samarbeidsavtale mellom Trygg Trafikk og Vestland fylkeskommune signert.

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 25.01.2021

RS 3/21 vart referert.

RS 4/21 Svar på spørsmål frå Bjarte Vatnøy (Frp) om sikring av Fv.5454 på Seim i Alver kommune.

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 25.01.2021

RS 4/21 vart referert.

Politiske saker

PS 1/21 Fordeling av FTU-midlar for 2021

Forslag til innstilling

1. I møte 12. januar 2021 fastsette hovudutval for samferdsel og mobilitet rammene for tilskotsordningane til trafikktrygging for 2021. Hovudutvalet vedtar fordelinga av dei resterande FTU-midlane for 2021 som følgjer:

Fordeling av FTU-midlar for 2021	
Post	Sum
Aktivitetmidlar Trygg Trafikk	1 450 000
Prosjekt Hjertesone	250 000
Trafikksikkerheitsprisen	50 000
Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000
Felles ts-arrangement for avgangselevane i vgs.	150 000
Refleks	250 000
Trygg Trafikk - driftskostnadar (reise, kontorhald osv.)	300 000
Diverse	118 000
Totalsum	2 918 000
Tilgjengelege FTU-midlar etter vedtak av rammor for tilskotsordningane (SAMO 12/1-21)	2 918 000

Saksprotokoll i trafikktryggingsutvalet - 25.01.2021

Avrøysting

Fylkesdirektør sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til hovudutval for samferdsel og

mobilitet.

Vedtak

I møte 12. januar 2021 fastsette hovudutval for samferdsel og mobilitet rammene for tilskotsordningane til trafikktrygging for 2021. Hovudutvalet vedtar fordelinga av dei resterande FTU-midlane for 2021 som følgjer:

Fordeling av FTU-midlar for 2021	
Post	Sum
Aktivitetsmidlar Trygg Trafikk	1 450 000
Prosjekt Hjertesone	250 000
Trafikksikkerheitsprisen	50 000
Kunnskap, kompetanse og kampanjar	350 000
Felles ts-arrangement for avgangselevane i vgs.	150 000
Refleks	250 000
Trygg Trafikk - driftskostnadar (reise, kontorhald osv.)	300 000
Diverse	118 000
Totalsum	2 918 000
Tilgjengelege FTU-midlar etter vedtak av rammer for tilskotsordningane (SAMO 12/1-21)	2 918 000

Referatsaker
RS 5/21 Notat om trafikkregulering i Drottningsvik


Saksnr: 2019/101-35
Saksbehandlar: Tor Steinar Høyland
Dato: 22.02.2021

Til: Trafikktryggingutvalet
Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Notat om trafikkregulering i Drotningevik

Bebuarane langs fv. 5212, Drotningevikvegen i Laksevåg bydel i Bergen kommune har lenge opplevd at biltrafikken i ettermiddagsrushet fører til ulemper for dei. På grunn av svært stor trafikk og køar på rv. 555 mot vest, har mange bilistar som skulle vidare mot Sotra og mot Janavegen køyrd Drotningevikvegen. Drotningevikvegen har låg standard og bebruarane har meint at den store trafikken har gitt auka trafikkfare og at den har gitt ei forringing av bumiljøet. Etter folkemøte og vurderingar frå fagetatane, blei det beslutta å skilta med «Forbudt for motorvogn», skilt 306.1 mellom kl. 15 og 17 i Drotningevikvegen, men med unntak for buss og taxi. Forbodet skulle gjelda for trafikk i retning mot vest. Forbodet blei iversatt 22. april 2020.



Figur 1: Plassering av trafikkregulering er markert med raud ring. Drotningevikvegen med raud strek og sirkel viser nærområdet til Drotningevikvegen.

I samband med trafikkreguleringa er det foretatt ei før- etterundersøking. Denne blei utført hausten 2019 og hausten 2020. Følgjande er med i før- etterundersøkinga :

- Radarmålingar.
- Manuelle teljingar i vegkryss til Rv 555.
- Registrering av kølengder.
- Type køyretøy i kollektivfeltet.
- Køyretøyfordeling mot trafikkregulering.
- Trafikktal på rv. 555.
- Spørjeundersøking for bebruarar, skule og sentrale trafikantaktørar.
- Vurdering av avbøtande tiltak.
- Oppsummering

Fylkesdirektøren vil fyrst minna om at alle målingar, registreringar og berekningar er gjennomførte innafor ein kort tidsperiode. Det kan difor vera variasjonar i datagrunnlaget som ikkje nødvendigvis skuldast trafikkreguleringane, men naturlege variasjonar. Frå 2019 til 2020 kan også restriksjonar i samband med koronapandemien hatt særleg betydning. Konklusjonane i notatet må difor sjåast i lys av dette.

Trafikktejingane viser at det har vore ein reduksjon i trafikken i Drotningvikvegen på rundt 80% i ettermiddagsrushet. Det har også vore ein god reduksjon i trafikken i Godviksvingane, medan det er registrert små trafikkendingar i Alvøyvegen og i Olsvikvegen.

Frå dei manuelle kryssteljingane ser vi at det har vore ein vesentleg auke i bilar som køyrer inn på rv. 555 ved Storavatnet og i Breivik, medan det er ein stor reduksjon i Drotningvik. Kryssteljingane viser at omlag halvparten av dei bilane som tidlegare køyrde ut på rv. 555 i Drotningvik fordeler seg no mellom Storavatnet og Breivik.

Reguleringa synes å ha endra lite på kølengder inn på rv. 555 i dei tre kryssa. Unntaket er ein viss reduksjon i Drotningvik. Det skuldast den store reduksjonen i trafikk.

Det er registrert at færre El-bilar brukar kollektivfeltet mellom Breivik og Drotningvik og det er også registrert ein stor nedgang i bilar som køyrer mot forbodsskiltet i krysset til Drotningvik.

Det er registrert ein liten nedgang i døgntrafikken på Rv 555 i retning vest, medan det er ein auke i trafikken mellom kl. 15 og 17.

Fleirtalet av bebruarane i området er positive til tiltaket og dei ynskjer at det skal halde fram. Dei sentrale vegbrukarane har få merknader til tiltaket og rår også til at dei skal halda fram.

Konklusjon

Ut frå registreringane og tilbakemeldingane, meiner fylkesdirektøren at trafikkreguleringa i Drotningvikvegen i sum har vore positiv. Særleg gjeld det i Drotningvikvegen, men også i Godviksvingane har det vore ein god trafikkreduksjon. I etterperioden er det fleire bilar som køyrer inn på rv. 555 ved Storavatnet og i Breivik enn i førperioden. Dette er positivt både for trafikk sikringa og for lokalmiljøet. Ulempene for bebruarane i Drotningvikvegen er i hovudsak knytt til at dei må køyre omvegen via rv. 555 mellom Breivik og Drotningvik. Omvegen er ikkje lang og normalt er den på få minutt. Dette er etter fylkesdirektøren si meining ei så lita ulempe at vi ikkje vil foreslå avbøtande tiltak. Fylkesdirektøren rår difor til at trafikkreguleringa i Drotningvikvegen held fram utan endringar.

Fullstendig notat om før- etterundersøkinga av trafikkreguleringa i Drotningvikvegen ligg vedlagt.

Vedlegg

- 1 Trafikkregulering Drotningvikvegen - Før og etterundersøking hausten 2020

Notat

Dato: 2021-02-08

Arkivsak:

Saksbehandlar: Tor Høyland

Til: Bebuarar langs Drotningvikvegen v/Kristian Hammer Opdahl, Alvøen skole, Bergen kommune, Vest politidistrikt og Statens vegvesen

Frå: Vestland fylkeskommune v/eining for Utgreiing

Før- etter undersøking av trafikkregulering i Drotningvik Fv 5212 i Bergen kommune



Innleiing

Bebuarane langs Fv 5212, Drotningvikvegen i Laksevåg bydel i Bergen kommune har lenge opplevd at biltrafikken i ettermiddagsrushet fører til ulemper for dei. Drotningvikvegen har låg standard og bebuarane har meint at den store trafikken har gitt auka trafikkfare og at den har gitt ei forringing av bumiljøet. Etter folkemøte og vurderingar frå fagetatane, blei det beslutta å skilta med «Forbudt for motorvogn», skilt 306.1 mellom kl 15 og 17 i Drotningvikvegen, men med unntak for buss og taxi. Forbodet skulle gjelda for trafikk i retning mot vest. Forbodet blei iversatt 22. april 2020. Infoskrivet under blei distribuert i nærmiljøet før forbodet blei etablert.



Stenger Drotningvikvegen i rushtida

Frå 22. april blir det forbode å køyre gjennom Drotningvikvegen frå kl. 15 til kl. 17.00. Forbodet gjeld berre for bilistar som køyrer vestover mot Sotra.

I 2019 blei Statens vegvesen, politiet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune invitert på folkemøte der dei fekk høyre kor ille det sto til når trafikken hopar seg opp om ettermiddagen.

På grunn av svært stor trafikk om ettermiddagane er det mange trafikantar som køyrer Godviksvingane og Drotningvikvegen. Fylkeskommunen oppfatta at bebuarar i området opplever dette som både trafikkfarleg og at trafikken forringar bumiljøet. Verst er det i Drotningvikvegen der vegen fleire stader har svært lav standard. Frå nyttår overtok Vestland fylkeskommune ansvaret. Vedtak er fatta, pengane på plass, og skilt blir sett opp.

Frå 22. april gjeld gjennomkjøring forbode-skiltet for dei aller fleste køyretøy. Det er berre buss og taxi som framleis kan bruke vegen i det tidsrommet. Forbode-skiltet gjeld også berre mot vest, altså om du kjem frå retning sentrum og køyrer vestover mot Sotra eller Drotningvik senter.

Drotningvikv. stengt
etter X Breivikdalen
man-fre 15-17



Unormal høg trafikk

Registreringar gjort av Statens vegvesen viser at trafikken er unormalt høg i ettermiddagsrushet.

Mest mogleg av «gjennomgangstrafikken» skal gå på rv. 555 Sotravelen. Reguleringa vil føre til ulemper for bebuarar i området, fordi forbodet også vil gjelda for dei.

Nye undersøkingar

Fylkeskommunen veit mykje om trafikksituasjonen i området, frå Storavatnet, via

Godviksvingane/Drotningvikvegen og ut igjen i retning mot Sotrabrua/Janavegen. Til hausten blir det nye undersøkingar for å sjå korleis utviklinga har vore.

Hausten 2019 blei det gjennomført ei rekke med førregistreringar av trafikktalet, kølengder, trafikkfordeling i kryssa til rv. 555 og bruken av kollektivfelta. Hausten 2020 vil fylkeskommunen foreta etterregistreringar. Saman med tilbakemeldingar frå bebuarar og sentrale trafikantaktørar vil det bli bestemt om tiltaka skal vera permanente.

Takk for hjelpa!

Vestland fylkeskommune vil takka initiativtakarane i området for måten dei har lagt fram problemstillingane, og for all konstruktiv hjelp med både informasjonsinnhenting og for organisering av møter og befaring.

I dette notatet ser vi på kva endringar dette forbodet har hatt for på trafikken i Drotningvikvegen og for det tilstøtande vegnettet, og kva betydning det har hatt for bebuarane.


Fylgjande er med i før-etterundersøkinga :

- Radarmålingar.
- Manuelle tellingar i vegkryss til Rv 555.
- Registrering av kølengder.
- Type kjøretøy i kollektivfeltet.
- Kjøretøyfordeling mot trafikkregulering.
- Trafikktal på Rv 555.
- Spørjeundersøking for bebuarar, skule og sentrale trafikantaktørar.
- Vurdering av avbøtande tiltak.
- Oppsummering

NB! Alle registreringar, målingar og berekningar i dette notatet er gjennomførte innafør ein kort tidsperiode. Det kan difor vera variasjonar i datagrunnlaget som ikkje nødvendigvis skuldast trafikkreguleringane, men naturlege variasjonar. Frå 2019 til 2020 kan også restriksjonar i samband med koronapandemien hatt særleg betydning. Konklusjonane i notatet må difor sjåast i lys av dette.

Radarmålingar

For å sjå kva endringar trafikkreguleringa har hatt på trafikkmengdene i området, har vi satt ut radarar på 4 vegar i området Drotningvik og Godviksvingane. I tillegg er trafikken i Olsvik også målt (sjå kart under). Radarane har registrert trafikk på kvardagar og dei har vore aktive frå 3 til 11 døgn.



Kart som viser radarplasseringar.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no


EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Tabellen under viser dei registrerte trafikkta for dei ulike målepunkta. NB! Tala varierer noko frå dag til dag. Vi har her brukt gjennomsnittstal for alle dei registrerte dagane i kvart målepunkt.

	Månad	Kl 15-16 Tal på bilar mot vest - gjennomsnitt	Kl 16-17 Tal på bilar mot vest - gjennomsnitt
Punkt A : Fv 5212 Drotningstveitvegen			
Førperiode			
	1 - 2017	303	238
	8 - 2018	346	349
	12 - 2019	250	172
Etterperiode			
	9 - 2020	50	47
%-vis endring		- 83 %	- 82%
Punkt B : Fv 5216 Alvøyvegen			
Førperiode			
	9 - 2016	210	205
	11 - 2019	147 *	121 *
Etterperiode			
	9 - 2020	294	233
%-vis endring		+ 40 %	+ 14 %
Punkt C : Fv 5216 Godviksvingene vest			
Førperiode			
	8 - 2018	626	662
	11 - 2019	691	739
Etterperiode			
	9 - 2020	512	332
%-vis endring		- 22 %	- 53 %
Punkt D : Fv 5216 Godviksvingene aust			
Førperiode			
	11 - 2019	653	753
Etterperiode			
	9 - 2020	462	338
%-vis endring		- 29 %	- 55 %
Punkt E : Fv 5210 Olsvikvegen			
Førperiode			
	11 - 2019	272	211
Etterperiode			
	9 - 2020	259	157
%-vis endring		- 5 %	- 26 %

* Ved førmålingane i 2019 har radaren ikkje registrert alle kjøretøy i retning mot vest. Dette truleg fordi radaren ikkje har klart å fanga opp signala til alle kjøretøy i denne retninga. Vi ser av resultatane at denne målinga viser unormalt lav trafikk også for resten av døgnet. Målingane i punkt C er difor basert på førmålingar frå 2016. Den er difor noko meir usikker enn dei andre målingane.



Figuren over viser trafikktal i før og etterperioden. NB! For strekningar der det er fleire førregistreringar har vi brukt gjennomsnittet av målingane.

Kommentarar til radarmålingane

NB! Radarmålingane er utførte i omlag dei same punkta før og etter. Dei har registrert trafikk i periodar frå 3 døgn og opp til 11 døgn. Dette er altså korttidsmålingar og dei må difor sjåast i lys av det. Årsvariasjonar, vær/føreforhold, trafikale hendingar, feil i målingar m.m. er alle faktorar som kan gje utslag i slike korttidsmålingar.

Radarmålingane viser at trafikken i Drotningstvegen er redusert kraftig. Reduksjonen er i overkant av 80%, frå omlag 550 kjøretøy i førperioden til omlag 100 kjøretøy i etterperioden i tidsrommet 15 til 17.

Ved dei to målepunkta i Godviksvingane viser målingane at det også har vore ein stor trafikk-reduksjon på denne vegen. Reduksjonane er her på rundt 20-30% mellom kl 15 og 16, og rundt 55% mellom kl 16 og 17. Målt i antal kjøretøy er reduksjonane på 110-180 kl 15-16 og 330-410 kl 16-17.

Målingane i Alvøyvegen (i retning frå Alvøen), har registrert ein auke på rundt 110 kjøretøy mellom kl 15 og 17. Sjølv om auken er stor i % (40% mellom kl 15 og 16), er volumet på talet kjøretøy ikkje særleg høgt.

Trafikkmengdene i Olsvikvegen er også målt. Desse viser ein mindre nedgang på ca 70 kjøretøy mellom kl 15 og 17. Reduksjonen er størst mellom kl 16 og 17 (26%), men som i Alvøyvegen er også her talet på kjøretøy ikkje særleg høgt.

Oppsummert : Radarmålingane viser ein kraftig reduksjon i trafikken i Drotningstvegen (over 80%), men det er også målt ein relativt stor reduksjon i Godviksvingane. Særleg gjeld det mellom kl 16 og 17. Frå Alvøyvegen er det registrert ein stor auke mellom kl 15 og 16, men ikkje særleg stor i volum. Det er målt små endringar i trafikken i Olsvikvegen.

Manuelle tellingar i vegkryss til Rv 555

Desse målingane er utført for å sjå om trafikkreguleringa har ført til endra tal på bilar som køyrer av og på Rv 555 ved Storavatnet, Breivik og i Drotningstvegen i ettermiddagsrushet (kl 1430 – 1730). Førregistreringane var i november 2019 og etterregistreringane var i september 2020.

Tabellen øverst på neste side viser resultatata for dei manuelle tellingane for kvart kryss og samla for dei 3 timane kvar dag.

Telefon
05557


E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no


EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Kryss	Førperiode		Etterperiode	
	Av Rv 555	På Rv 555	Av Rv 555	På Rv 555
Storavatnet, dag 1	-	348	-	542
Storavatnet, dag 2	-	368	-	586
Breivik, dag 1	235	872	226	1249
Breivik, dag 2	188	879	444	1148
Drotningstvik, dag 1	562	1144	885	441
Drotningstvik, dag 2	545	1012	907	474



Figuren over viser talet på kjøretøy inn på Rv 555 i timane 1430 til 1730. Det er her tatt gjennomsnitt for dei to registreringsdagane.



Figuren over viser talet på kjøretøy av Rv 555 i timane 1430 til 1730. Det er tatt gjennomsnitt for dei to registreringsdagane. NB! Ved Storavatnet er ikkje avkøring registrert.

Kommentarar til manuelle tellingar

NB! Dei manuelle tellingane er kun utførte over to ettermiddagar før og etter. Med så få registreringsdagar vil ein særleg vere utsatt for trafikale hendingar, men også vær/føreforhold, feilregistreringar og årsvariasjonar kan vere feilkjelder. Kommentarene må difor sjåast i lys av dette.

Påkøringa til Rv 555 ved Storavatnet viser ein auke på rundt 200 kjøretøy frå førperioden til etterperioden. Ved Storavatnet er det ikkje registrert trafikk av Rv 555. Dette fordi her er det også stor trafikk mot Askøy og det ville vore vanskeleg å tolke resultatane frå før/ettermålingane.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Ved Breivik er det registrert ein stor auke i påkøyringa til Rv 555 (hvh 377 og 269 bilar). Avkøyringa frå Rv 555 viser ein liten reduksjon fyrste dag og ein stor auke andre dag (- 9 og + 256 bilar).

I Drotningsvikkrysset er det registrert ein stor reduksjon i påkøyringa til Rv 555 (hvh 703 og 538 bilar). Det er registrert ein stor auke i avkøyring frå Rv 555 i Drotningsvikkrysset. Auken er på rundt 350 kjøretøy.

Oppsummert : Det er registrert ein stor auke i påkøyring til Rv 555 ved Storavatnet og ved Breivik. Totalt er auken i desse påkøyringane på rundt 530 kjøretøy kvar dag. I Drotningsvik er det registrert ein svært stor reduksjon i påkøyring til Rv 555. Reduksjonen er registrert til ca 620 kjøretøy kvar dag. Ut frå dette kan det tyda på at mange av dei som tidlegare kjørte Drotningsvikvegen no har delt seg relativt likt. Halvparten køyrer no inn på Rv 555 ved Storavatnet, og halvparten køyrer inn på Rv 555 ved Breivik. Det er også registrert ein stor auke i avkøyring frå Rv 555 ved Drotningsvik. Denne auken er truleg bilar som enten skal til Drotningsvikvegen eller til Janaflaten (og som tidlegare køyrde Drotningsvikvegen).

Registrering av kølengder

Kølengder er registrert i dei store kryssa inn mot Rv 555, det vil seie, Storavatnet, Breivik og Drotningsvik. Registreringane vil kunne seie noko om trafikkreguleringa har ført til endringar i eventuelle køar på sidevegane inn mot Rv 555. Førregistreringane var i november 2019 og etterregistreringane var i september 2020. Tidspunkta er frå kl 1430 til kl 1730.

Kryss	Førperiode	Etterperiode
	Registrerte kølengder	Registrerte kølengder
Storavatnet, dag 1	1515-1600, litt kø på lokalvegen frå Loddefjord.	1515-1545, litt kø på lokalvegen frå Loddefjord.
Storavatnet, dag 2	1515-1615, litt kø på lokalvegen frå Loddefjord.	Ikkje registrert kø.
Breivik, dag 1	Ikkje registrert kø.	1500-1515, 1600-1615 og 1630-1645, litt kø i rampen mot Rv 555.
Breivik, dag 2	Ikkje registrert kø.	1530-1545, litt kø i rampen mot Rv 555.
Drotningsvik, dag 1	1545-1645, kø opp til Stiabergget. 1645-1700, kø til kryss mot Drotningsvik senter.	Ikkje registrert kø.
Drotningsvik, dag 2	1530-1545, kø til kryss til Ramsvik. 1615-1630, kø til kryss mot Drotningsvik senter.	Ikkje registrert kø.

Tabell med køregistreringar.

Kommentarar til registrering av kølengder

NB! Dei manuelle tellingane er kun utførte over to ettermiddagar før og etter. Med så få registreringsdagar vil ein særleg vere utsatt for trafikale hendingar, men også vær/føreforhold, feilregistreringar og årsvariasjonar kan vere feilkjelder. Kommentrane må difor sjåast i lys av dette.

Generelt kan ein seie at det blei registrert svært lite kø i tilfartane til Rv 555 i alle kryssa. Unntaket er førperioden i Drotningsvik der køen i periodar stod til krysset mot Ramsvik og eine dagen også vidare opp mot Stiabergget. I dette krysset blei det ikkje registrert køar i etterperioden. Det var også

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

litt køtendensar i Breivik, men dei hang oftast saman med kryssa på lokalvegen. Desse ligg tett opp til rampa til Rv 555.

Oppsummert : Det var generelt registrert lite kø i rampane som går inn på Rv 555. Ved Storavatnet var det i både før- og etterperioden i kortare periodar kø på lokalvegen mot Loddefjord, men det var ikkje kø i sjølve rampa inn på Rv 555. Ved Breivik var det ikkje registrert kø i førperioden, mens det var litt kø på rampa til Rv 555 i kortare tidsintervall i etterperioden. I Drotningvik var det registrert periodar med kø i retning Ramsvik og Stiaberg i førperioden. Det var ikkje køar i etterperioden. Auka trafikk inn på Rv 555 ved Storavatnet og Breivik har ikkje ført til særleg endring i køane på rampene. Den kraftige reduksjonen i trafikk inn på Rv 555 i Drotningvik har ført til litt mindre kø på rampene.

Type kjøretøy i kollektivfeltet

Talet på kjøretøy og type kjøretøy i kollektivfeltet mellom Breivikkrysset og Drotningvikkrysset er registrert. Dette for å sjå om trafikreguleringa har ført til endringar i talet på kjøretøy i kollektivfeltet, men også om kjøretøytypene har endra seg. Fossilbil har ikke lov å køyra i kollektivfeltet. Her er det skilt på Buss, Taxi, El-bil og Fossilbil. Førregistreringane var i november 2019 og etterregistreringane var i september 2020. Tidspunkta er frå kl 1430 til kl 1730.

	Førperiode				Etterperiode			
	Buss	Taxi	El-bil	Fossil-bil	Buss	Taxi	El-bil	Fossil-bil
Dag 1	79	40	468	101	66	37	346	95
Dag 2	79	52	515	113	64	24	306	99

Tabell som viser fordeling av kjøretøytypar i kollektivfeltet.

Kommentarar til type kjøretøy i kollektivfeltet

NB! Registreringane av kjøretøyfordeling i kollektivfeltet er kun utførte over to ettermiddagar før og etter. Med så få registreringsdagar vil ein særleg vere utsatt for trafikale hendingar, men også vær/føreforhold, feilregistreringar og årsvariasjonar kan vere feilkjelder. Kommentarene må difor sjåast i lys av dette.

I begge periodane var det flest El-bilar som brukte kollektivfeltet, men det har vore ein reduksjon på hhv 122 og 209 El-bilar desse to dagane. For dei andre kjøretøytypene er det små endringar frå før- til etterperioden, men for alle er det ein mindre reduksjon i talet på kjøretøy.

Oppsummert : Registreringane viser ein reduksjon for alle kjøretøytypar i kollektivfeltet frå før til etterperioden. Størst reduksjon er det for El-bilar der gjennomsnittet frå førperioden til etterperioden er gått ned frå 492 bilar til 326 bilar. For dei andre kjøretøytypene er det små endringar, men alle er gått litt ned. Årsakene til dette kan vere reduserte køar på Rv 555 i etterperioden, då som ein kombinasjon av mindre trafikk (korona) og verknad av trafikreguleringa i Drotningvikvegen.

Kjøretøyfordeling mot trafikkregulering

Registreringane er utførte for å sjå om talet på kjøretøy som køyrer inn mot busslomma ved krysset i Drotningvik har endra seg. NB! Dette gjeld krysset på Rv 555 og ikkje det nye forbodet i Drotningvikvegen. Her er det også skilt mellom Buss, Taxi, El-bil og Fossilbil. Det er kun buss og taxi som køyrer lovleg inn mot busslomma i dette krysset. Vi ynskjer å sjå om trafikkreguleringa har ført til endringar i talet på kjøretøy inn mot busslomma og om fordelinga på type kjøretøy har endra seg. Førregistreringane var i november 2019 og etterregistreringane var i september 2020. Tidspunkta er frå kl 1430 til kl 1730.

	Førperiode				Etterperiode			
	Buss	Taxi	El-bil	Fossil-bil	Buss	Taxi	El-bil	Fossil-bil
Dag 1	65	34	193	16	61	26	51	7
Dag 2	75	24	196	21	66	13	48	6

Tabellen som viser kjøretøyfordeling mot forbodsskiltet ved krysset til Drotningvik.

Kommentarar til kjøretøyfordeling mot trafikkreguleringa

NB! Registreringane av kjøring mot forbodsskiltet er kun utførte over to ettermiddagar før og etter. Med så få registreringsdagar vil ein særleg vere utsatt for trafikale hendingar, men også vær/føreforhold, feilregistreringar og årsvariasjonar kan vere feilkjelder. Kommentaranane må difor sjåast i lys av dette.

Det er registrert ein stor reduksjon i bilar som passerer dette forbodsskiltet. Det er kun buss og taxi som køyrer lovleg her. Reduksjonen er størst for El-bilar, der talet har gått ned frå rundt 400 i førperioden til ca 100 i etterperioden. Det er også ein markert reduksjon i fossile bilar. Her var det omlag 40 i førperioden og 13 i etterperioden.

Oppsummert : Det er registrert ein stor reduksjon i talet på både El-bilar og Fossil-bilar som køyrer mot forbodsskiltet frå før- til etterperioden. Særleg stor er reduksjonen for El-bilar, frå rundt 400 bilar i førperioden til ca 100 bilar i etterperioden. Dette samsvarar godt med registreringane frå kjøretøy-typar i kollektivfeltet og årsakene er truleg mykje dei same. Reduserte køar på Rv 555 i etterperioden, då som ein kombinasjon av mindre trafikk (korona) og verknad av trafikkreguleringa i Drotningvikvegen.

Trafikktal på Rv 555

Vi har samanlikna vestgåande trafikkmengd på Rv 555 og vi har då tatt utgangspunkt i 2 veker midt i september månad i 2019 og i 2020. Trafikktala er henta frå Trafikkdata.no, hos Statens vegvesen. Dataene er henta frå målepunkta ved Harafjell og ved Sotra bru vest (sjå kart under).



Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Tabellen under viser talet på kjøretøy i retning vest for timane 15-16 og 16-17, samt trafikkmengdene for heile døgna. Tala er gjennomsnittstal for kvardagane i desse to vekene (totalt 10 dagar).

Harafjell	2019	2020	%-vis endring
Døgntrafikk	16720	15729	- 6 %
Kl 15 - 16	705	1000	+ 42 %
Kl 16 -17	872	1034	+ 19 %

Tabell for trafikk ved Harafjell

Sotra bru vest	2019	2020	%-vis endring
Døgntrafikk	16194	15159	- 6 %
Kl 15 - 16	1410	1367	- 3 %
Kl 16 -17	1387	1293	- 7 %

Tabell for trafikk ved Sotra bru vest

Kommentarar til trafikktal på Rv 555

NB! Vi vil også her minne om at desse målingane er foretatt over ein kortare periode og variasjonar i datagrunnlaget kan difor vere naturlege variasjonar og ikkje nødvendigvis skuldast trafikk-reguleringane. Frå 2019 til 2020 kan også restriksjonar i samband med koronapandemien hatt særleg betydning. Kommentaranane må difor sjåast i lys av dette.

Ut frå målingane i 2019 og 2020, viser desse at det har vore ein reduksjon på 6% på døgnbasis både ved Harafjell og ved Sotra bru vest. Ved Sotra bru vest er denne reduksjonen også relativt samanfallande med trafikktala vestover i timane 15 til 17. Ved Harafjell er talet på passerte bilar mot vest i dette tidsrommet auka med omlag 300 kjøretøy kl 15-16 og med rundt 150 kjøretøy kl 16-17.

Oppsummert : Både ved Harafjell og ved Sotra bru vest er det ein reduksjon på 6% i døgntrafikken i retning vest frå før til etterperioden. Ved Harafjell har det derimot i tidsperiodane 15 til 17 vore ein auke i trafikken frå før til etterperioden. Størst auke er det registrert mellom kl 15 og 16. Mindre totaltrafikk fører normalt til at farten i køen går litt opp. Det kan vera ei forklaring på at vi ser ein auke i trafikkvolumet i dette tidsrommet. Vi har ikkje opplysningar om faktisk reisetid frå før til etterperioden. Ved Sotra bru vest er det samsvar i trafikkreduksjonen frå før til etter for både heile døgnet og for tidsintervalla 15 til 17. Det kan tyda på at køen delvis har løyst seg opp på denne sida av Sotrabrua.

Spørjeundersøking for bebuarar, skule og sentrale trafikantaktørar


Bebuarane har foretatt ein spørjeundersøking, og 168 har svart. Oppsummeringa og figur som viser om ein ynskjer om reguleringa skal fortsetje er vist øverst på neste side. Heile svarrapporten frå bebuarane ligg som vedlegg til dette notatet.

Hovedtrekkene er at de aller fleste er fornøyd med at det er innført ett tiltak som hjelper på aktuell strekning, men at dette har fått noen ringvirkninger som bør sees nærmere på. Spesielt er påkjøringsrampen til rv555 ved Alvehaugen en flaskehals som de fleste mener er forverret. Å åpne opp for beboere langs Drotningvikveien er ett ønske, som ett unntak for gjennomkjøring i tidsrommet.

Flere har også nevnt at åpning av kollektivfeltet fra påkjøringsrampe ved Alvehaugen og til avkjøring Drotningvik Senter som en mulighet.

Politiets tilstedeværelse ved kontroller er ett positivt tiltak som ønskes. Dog er det noen som synes at gamle vaner er vanskelig å vende.

Fortsette regulering?



Av sentrale vegbrukarar har vi fått tilbakemelding frå Alvøen skole, Laksevåg brannstasjon, Tide buss.

- **Alvøen skole** : Elevane opplever at Drotningvikvegen er blitt tryggare fordi trafikken er redusert. Ulempe at lokaltrafikken må kjøre ut på Rv 555. I sum meiner skulen at tiltaket fungerer etter intensjonen og at det bør fortsetje.
- **Laksevåg brannstasjon** : Ikkje innvendingar og ikkje merka endringar knytt til reguleringa.
- **Tide buss** : Reguleringa ser ut til å fungere bra.
- **Bergen kommune, bymiljøetaten** : Kan ikkje sjå at tiltaket har hatt negativ effekt på det kommunale vegnettet i området. Tiltaket har truleg ført til redusert trafikk i Drotningvikvegen. Erfaring er at med tida så går respekten for skiltet ned.

Kommentarar til spørjeundersøkinga

Ut frå tilbakemeldingane frå bebuarane meiner over halvparten at reguleringa bør fortsetje. Under 10% vil at reguleringa skal fjernast, men mange ynskjer at den skal justerast. Dette er justeringar som å også innføra same regulering i Godviksvingane, gje unntak for eigedomane i Drotningvikvegen og opne opp for lokaltrafikk i kollektivfeltet på Rv 555.

Tilbakemeldingane frå dei sentrale vegbrukarane er at dei er positive til reguleringa og at den har få negative konsekvensar.

Oppsummert : Dei fleste bebuarane i området har vore positive til tiltaket og dei ynskjer at det skal vidareførast. Fleire ynskjer imidlertid at det blir utført tiltak som minskar ulempene for dei som bur i Drotningvikvegen. Bebuarar i Godviksvingane ynskjer liknande regulering i denne veggen. Av dei sentrale vegbrukarane har reguleringa ikkje ført til ulemper.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Vurdering av avbøtande tiltak

Frå bebuarar har det kome ynskjer om avbøtande tiltak. Dei mest vanlege ynskjene har vore :

1. Unntak for forbodet for bebuarar i Drotningstvegen.

Det er i dag to underskilt til forbodsskiltet 306.1. Regelverket for bruk av dette skiltet tillater normalt ikkje fleire enn 2 underskilt. Dette fordi trafikantane skal kunne lese og oppfatta heile skiltbudskapet. Med mange underskilt kan det bli vanskeleg. For politiet (som skal handheve brot på skiltet) vil det vere vanskeleg og mykje meir ressurskrevjande å skulle kontrollere om bilar køyrer til eigedomane eller køyrer vidare mot Drotningstve senter/Rv 555. Og kor langt inn i Drotningstvegen skal i tilfelle køyring til eigedomane gjelde? Til fyrste kryss, til Drotningstve senter eller heilt til Ramsvik? Vi vil ikkje rå til at det blir opna opp for fleire unntak til skiltet.

2. Etablere oblatordning for bebuarar i Drotningstvegen.

Vi har fått spørsmål om det kan etablerast ei oblatordning for bebuarane i Drotningstvegen. Eit oblat som enten er festa i bilen eller som bebuarar kan visa fram ved kontroll. Vi har ikkje funne døme i lovdata på slikt for offentleg veg her i landet. Om vi skulle hatt ei slik oblatordning ville den føra til mykje ressursar til etablering, administrering og drift av eit slikt system. Det er ikkje aktuelt å bruke ressursar på ei slik ordning.

3. Trafikkregulering i Godvikstvingene.

I ettermiddagsrushet er det fortsatt mange trafikantar som mot vest køyrer Godvikstvingene i staden for å køyra Rv 555. Talet synes imidlertid å ha gått ned etter reguleringa i Drotningstvegen. Ei liknande regulering i Godvikstvingene vil i praksis gjere det ulovleg for svært mange lokaltrafikantar å køyre mellom Storavatnet, Godvik, Leirvikåsen og vidare mot Alvøen. Ei slik regulering vil etter vårt syn gje så store ulemper for lokaltrafikken at vi ikkje vil gå inn for det.

4. Sikringstiltak i Godvikstvingene.

Godvikstvingene har samanhengande fortau/gangveg. Rett nok skiftar den side to plassar. Her er det merka gangfelt. Ved dei gangfelte der fartsnivået er målt eller vurdert å vera høgt, er det etablert fartshumpar. Den gamle vegbelysninga er bytta ut med ny vegbelysning langs heile denne vegen. Reguleringa i Drotningstvegen har også ført til redusert trafikk i Godvikstvingene. Redusert trafikk fører normalt også til redusert risiko. Det er ikkje konkrete planar om særskilte trafikk-sikringstiltak i Godvikstvingene, men det er alltid aktuelt å vurdere nye sikringstiltak dersom det blir meldt inn forslag til Vestland fylkeskommune. Tiltak må i tilfelle vurderast opp mot andre aktuelle trafikk-sikringstiltak i Bergen og deretter finansierast via Miljøløftet.

5. Opne opp for køyring til Drotningstve i kollektivfeltet på Rv 555.

Kollektivfelte er bygd for å gje prioritet til kollektivtrafikken. Dette er særleg viktig i rushperiodane. Dersom kollektivfeltet mellom Breivik og Drotningstve skal opnast opp for ordinær trafikk vil den prioriteten som kollektivtrafikken har på denne strekninga felle bort. Det ynskjer vi ikkje. I faktisk reisetid er ulempene med å måtte køyra Rv 555 på denne strekninga såpass kort at vi av den grunn ikkje ser at gevinsten står i forhold til tapet. Dersom El-bil andelen i Drotningstve er lik andelen for resten av Bergen kan no omlag kvar fjerde bebuar i Drotningstvegen lovleg nytta kollektivfeltet.

Telefon
05557

E-post
post@vlfk.no

Nettside
Vestlandfylke.no

EHF fakturaadr.
823111632

Organisasjonsnr.
821311632

Oppsummering

Vi vil igjen minna om at alle målingar, registreringar og berekningar i dette notatet er gjennomførte innafør ein kort tidsperiode. Det kan difor vera variasjonar i datagrunnlaget som ikkje nødvendigvis skuldast trafikkreguleringane, men naturlege variasjonar. Frå 2019 til 2020 kan også restriksjonar i samband med koronapandemien hatt særleg betydning. Konklusjonane i notatet må difor sjåast i lys av dette.

Trafikktellingane viser at det har vore ein kraftig reduksjon i trafikken i Drotningstvegegen i retning vest i ettermiddagsrushet. Det har også vore ein god reduksjon i Godvikstvegegen, medan det er registrert små endringar i Alvøyvegegen og i Olsvikvegegen.

Frå dei manuelle krysstellingane ser vi at det har vore ein vesentleg auke i bilar som køyrer inn på Rv 555 ved Storavatnet og i Breivik, medan det er ein stor reduksjon i Drotningstveik. Trafikktellingane og krysstellingane samsvarer godt. Unntaket er at trafikktellingane viser ein større trafikkreduksjon i Godvikstvegegen enn det som er auken i påkøytinga ved Storavatnet. Vi har ikkje ei god forklaring på dette avviket. Krysstellingane viser at omlag halvparten av dei bilane som tidlegare køyrde ut på Rv 555 i Drotningstveik fordeler seg no mellom Storavatnet og Breivik.

Reguleringa synes å ha endra lite på kølengder inn på Rv 555 i dei tre kryssa. Unntaket er ein viss reduksjon i Drotningstveik. Det skuldast den store reduksjonen i trafikk.

Det er registrert at færre El-bilar brukar kollektivfeltet mellom Breivik og Drotningstveik, noko som kan forklarast med totalt litt mindre trafikk på Rv 555, men også at trafikken flyt betre gjennom Drotningstveikkrysset fordi færre køyrer inn på Rv 555 i etterperioden. «Proppen» i Rv 555 køen har kanskje i større grad flytta seg frå Drotningstveikkrysset til Breivikkrysset?

Vi har registrert ein stor nedgang i bilar som køyrer mot forbodsskiltet i krysset til Drotningstveik. Dette kan ha samband med betre trafikkflyt på Rv 555 i etterperioden (sjå punktet over).

Det er registrert ein liten nedgang i døgntrafikken på Rv 555 i retning vest, medan det er ein auke i trafikken mellom kl 15 og 17. Vi er usikre på årsaka, men den kan også ha samband med at trafikken flyt litt betre i etterperioden.

Fleirtalet av bebuarene i området er positive til tiltaket og dei ynskjer at det skal halde fram, men fleire ynskjer tiltak som minskar ulempene for bebuarene i Drotningstvegegen og til dels i Godvikstvegegen. Mange opplever at det har vore ein trafikkauke i Godvikstvegegen, men trafikktellingane viser til ein trafikkreduksjon. Dei sentrale vegbrukarane har få merknader til tiltaket og rår til at dei skal halda fram.

Ut frå registreringane og tilbakemeldingane, meiner vi at trafikkreguleringa i Drotningstvegegen i sum har vore positiv. Særleg gjeld det i Drotningstvegegen, men også i Godvikstvegegen har det vore ein god trafikkreduksjon. I etterperioden er det fleire bilar som køyrer inn på Rv 555 ved Storavatnet og i Breivik enn i førperioden. Dette er positivt både for trafikksikringa og for lokalmiljøet. Ulempene for bebuarene i Drotningstvegegen er i hovudsak knytt til at dei må køyre omvegen via Rv 555 mellom Breivik og Drotningstveik. Omvegen er ikkje lang og normalt er den på få minutt. Dette er etter vår meining ei så lita ulempe at vi ikkje vil foreslå avbøtande tiltak. Vår anbefaling er difor at trafikkreguleringa i Drotningstvegegen held fram utan endringar.

Saksnr: 2021/1622-2
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 22.02.2021

Til: Trafikktryggingsutvalet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Nominering av kandidatar til årets trafikksikkerheitskommune

Sidan 2012 har Samferdselsdepartementet delt ut prisen «Årets trafikksikkerheitskommune» til kommunar som utmerker seg i trafikktryggingsarbeidet. I brev dagsett 18. januar inviterer departementet fylkeskommunane til å nominera to til tre kandidatar til prisen.

På grunn av nomineringsfristen har det ikkje vore høve til å leggja fram nominasjonen som sak til politisk vedtak. Fylkesdirektøren har difor sendt eit brev til Samferdselsdepartementet på vegner av Vestland fylkeskommune, der me nominerer Årdal kommune, Bømlo kommune og Kvam herad til kåringa. I tillegg til desse tre, gode kandidatane, er det fleire kommunar i fylket som legg ned ein betydingsfull innsats og viser stort engasjement for det viktige trafikktryggingsarbeidet.

Invitasjon og brev med våre nominasjonar finn de som vedlegg. I brevet er det gitt ei kort grunningjeving for valet av dei tre kommunane.

Vedlegg

- 1 Invitasjon til nominering av kandidater til SDs trafikksikkerhetspris - Årets trafikksikkerh
- 2 Nominering av kandidatar til Årets trafikksikkerheitskommune 2021



DET KONGELIGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Deres ref

Vår ref

Dato

21/52-1

18. januar 2021

Invitasjon til nominering av kandidater til SDs trafikksikkerhetspris - Årets trafikksikkerhetskommune 2021

Samferdselsdepartementet har siden 2012 delt ut prisen Årets trafikksikkerhetskommune. Formålet med prisen er å fremme lokalt trafikksikkerhetsarbeid gjennom å framheve gode trafikksikkerhetsinitiativ lokalt. Ved å framheve og hedre kommuner som har utmerket seg, skal kåringen bidra til å løfte fram forbilder som kan inspirere andre kommuner til økt innsats.

Samferdselsdepartementet inviterer fylkeskommunen til å nominere kommuner som har utmerket seg når det gjelder lokalt trafikksikkerhetsarbeid og som kan vise til gode trafikksikkerhetsplaner.

Prisen for 2021 er på 1 million kroner og deles ut av samferdselsministeren våren 2021.

Det er en forutsetning for tildeling at kommunen har en trafikksikkerhetsplan hvor blant annet plan for sikring av skolevegene inngår. Trafikksikkerhetsplanen skal være et aktivt dokument som oppdateres jevnlig og som er forankret i kommunens politiske ledelse, administrasjon og de ulike befolkningsgrupper.

Kommunen må videre kunne dokumentere gjennomførte tiltak og at tiltakene er evaluert og har positiv effekt for trafikksikkerheten.

Fylkeskommunen oppfordres til å nominere to eller tre kommuner som har utmerket seg i det lokale trafikksikkerhetsarbeidet og som oppfyller ovennevnte forutsetninger. Begrunnet forslag til kandidat(er) sendes Statens vegvesen innen 28. februar 2021.

Postadresse
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo
postmottak@sd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.sd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 904

Avdeling
Veg-, by- og
trafikksikkerhetsavdelingen

Saksbehandler
Eskil Johnsrud
Sæterlien
22 24 81 40

Statens vegvesen sammenstiller forslagene, eventuelt supplerer listene, og oversender et samlet forslag med en prioritert liste over kandidatene til Samferdselsdepartementet innen 26. mars 2021. Departementet fatter så vedtak om tildeling av prisen etter innstilling fra Kontaktutvalget for trafikksikkerhet (KTS).

Utlysningen offentliggjøres på nettsidene til Samferdselsdepartementet og Statens vegvesen.

Med hilsen

Lasse Lager (e.f.)
avdelingsdirektør

Eskil Johnsrud Sæterlien
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer

Adresseliste

Agder fylkeskommune

Innlandet fylkeskommune

Møre og Romsdal fylkeskommune

Nordland fylkeskommune

Oslo kommune - Byrådsavdeling for miljø og samferdsel

Rogaland fylkeskommune

Troms og Finnmark fylkeskommune

Trøndelag fylkeskommune

Vestfold og Telemark fylkeskommune

Vestland fylkeskommune

Viken fylkeskommune

Vår referanse 2021/1622-3
Dato 28.02.2021

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Nominering av kandidatar til Årets trafikksikkerheitskommune 2021

I brev dagsett 18. januar inviterer Samferdselsdepartementet fylkeskommunane til å nominera to til tre kandidatar til kåringa av «Årets trafikksikkerheitskommune 2021». Vestland fylkeskommune takkar for invitasjonen. Me meiner prisen er ein fin måte å skapa merksemd om det gode trafiktryggingsarbeidet som vert gjennomført kringom i kommunane. Prisen kan inspirera fleire kommunar til å prioritera dette livsviktige arbeidet.

Som fylkeskommune er me tett på kommunane gjennom mellom anna arbeid med trafiktryggingsplanar, dialog om fysiske tiltak, arbeidet med Trafikksikker kommune og deltaking på ulike møteplassar. Me har eit sterkt vegfagleg trafiktryggingsmiljø og kjenner også kommunane gjennom arbeidet med tilskotsordningane våre til trafiktryggingstiltak. Den tette kjennskapen ligg til grunn for vår nominering av kandidatar.

Vestland fylkeskommune ønskjer å nominera Årdal kommune, Bømlo kommune og Kvam herad. Årdal og Bømlo vart sommaren 2020 regodkjente som Trafikksikker kommune, medan Kvam oppnådde godkjenninga på hausten. Me vil og trekka fram det gode trafiktryggingsarbeidet og engasjementet som me ser i ei rekkje andre kommunar i fylket. Her er mange som er aktive og fortener skryt.

Bømlo kommune

På Bømlo er trafiktryggingsarbeidet tydeleg høgt prioritert. Me opplever at kommunen har ein god kultur der dei jobbar aktivt for innbyggerane sitt beste. Kommunen har folk som er dedikerte til trafiktryggingsarbeidet. Dei har saman med regodkjenninga som Trafikksikker kommune i fjor også revidert sin trafiktryggingsplan. Planen er god og Trafikksikker kommune-konseptet er tydeleg integrert. Dei legg vekt på gode rutinar for årleg oppfølging av ts-arbeidet på leiarnivå. Kommunen har lenge jobba godt med trafiktrygging som del av folkehelsearbeidet. Dei søker aktivt om tilskot frå fylkeskommunen sine tilskotsordningar, både til fysiske tiltak og trafiktryggingsaktivitetar som t.d. sykkelopplæring i skulen. Vårt samarbeid med kommunen har vore godt på alle plan. Kommunen har engasjerte folk både i administrasjonen og politisk. Lokalmiljøa på Bømlo er også aktive og flinke til å fremja sine ønske.

Kvam herad

I Kvam herad er trafiktryggingsarbeidet godt forankra i organisasjon og politisk leiing. Då dei i fjor haust vart godkjent som Trafikksikker kommune hadde dei allereie i fleire år jobba godt og aktivt med trafiktrygging. Kvart år kallar dei inn til møte der dei går gjennom kva som er gjennomført. Kommunen har ei eiga nemnd for trafikkarlege skulevegar. Dei har vegfoto for det kommunale vegnettet og gjennomfører jamleg eigne fartsmålingar. Me har eit godt samarbeid med kommunen. Heradet har ein oppdatert trafiktryggingsplan med ei god breidde i typar tiltak. Me har tidlegare trekt fram døme frå heradet sitt arbeid, som opplegget dei har for at innvandrarakar skal få ta førarkort, der NAV har gitt tilskot til opplæring. Dei siste åra har heradet bidratt til og gjennomført fleire trafiktryggingsarrangement retta mot elevar.

Årdal

Årdal kommune held trafikktryggingsfana høgt og er eit godt førebilete for andre kommunar gjennom sitt arbeid over mange år. Kommunen er godkjent både som Trafikksikker kommune og under ordninga Trygge lokalsamfunn. I Årdal har dei eit unikt samarbeid kalla «Årdal tenk tryggleik» (ÅTT), der kommunen jobbar saman med Hydro, politiet og fleire organisasjonar med å fremma eit trygt lokalsamfunn. Slike breie samarbeid gjer at ein når godt ut til innbyggjarane i det førebuande trafikktryggingsarbeidet. Som døme kan me nemna at idrettslaga har sett fokus på sikkerheit under foreldrekøyring og transport med lagsbussar. Kommunen har ei god breidde i tsarbeidet sitt. I det trafikantretta arbeidet har me mellom anna tidlegare vist til korleis kommunen delar ut refleksvestar og sykkelhjelmar. Dei to ungdomsskulane i kommunen har valfag trafikk, med til saman seks godkjente lærarar. Gjennom samarbeidsprosjektet «politikameratane» vert elevane i niande klasse i kommunen over to dagar kjende med politiet og dei andre naudetatane. Dette er eit førebyggjande tiltak med mål om å hindra kriminalitet, ulykker og andre uønskte hendingar. Opplegget, som vert avslutta med ein sosial tur, er noko ungdomen ser fram til. Også ungdom frå nabokommunar har fått ta del i dette opplegget dei siste åra.

Kommunane me fremmar som kandidatar jobbar på ulikt vis med trafikktrygging, men har til felles at dei jobbar breitt, har eit tydeleg engasjement for arbeidet og har jobba godt over tid. Me ber om at våre kandidatar vert tatt opp til vurdering, og at de konsulterer oss eller kommunane om de treng utfyllande informasjon om deira verksemd.

Med helsing

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Saksnr: 2020/62195-3
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 22.02.2021

Til: Trafikktryggingutvalet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Handlingsprogram for trafikktrygging - status per februar 2021

Saka «Oppstart av arbeidet med handlingsprogram for trafikktrygging Vestland 2022- 2025» var oppe til handsaming i trafikktryggingutvalet (FTU) 28. september og i hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) 14. oktober i fjor. Her gav SAMO sin tilslutnad til dei rammene for utarbeidinga av handlingsprogrammet som vart presenterte i saka. I tråd med utvalsreglementet har FTU eit ansvar for utarbeidinga av handlingsprogrammet. I saka står det om FTU si rolle:

«Det inneber at utvalet skal verta involvert og ta del i utforminga, og elles verta orientert om arbeidet med handlingsprogrammet. Særleg er det ønskeleg at utvalet får høve til å drøfta og ta stilling til sentrale problemstillingar og vegval.»

Fylkesdirektøren vil med dette notatet gje ei statusmelding for arbeidet med handlingsprogrammet.

Presentasjon av arbeidet for medverknadsorgana

Før jul vart arbeidet med handlingsprogrammet lagt fram for medverknadsorgana. Prosjektleiar og representantar for prosjektgruppa orienterte, tok i mot innspel og svarte på spørsmål hjå råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) 2. desember, fylkeseldrerådet (FYEL) 8. desember og Vestland ungdomsutval (VU) 11. desember. I tillegg til orienteringane var det meldt opp ei referatsak som viste til rammene for utarbeidinga av handlingsprogrammet.

Felles for medverknadsorgana var at trafikktryggingarbeidet var noko som engasjerte dei. For ungdomsutvalet vart orienteringa eit høve til å setja seg inn i trafikktrygging og arbeidet som vert gjort i Vestland i dag. Dei stilte gode spørsmål og var særleg opptatt av arbeidet som vert gjort mot vidaregåande skule. Dei lurte også på kvifor ras ikkje vart nemnt som tema for handlingsprogrammet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tok også opp rassikring. Dei var også opptatte av auken i skadar og ulykker ein kan venta seg med auka bruk av elsparkesykkel og sykkel. Rådet la stor vekt på at ein sikra heilskaplege løysingar med universell utforming for til dømes gangfelt, busshaldeplassar og tilgang til offentlege bygg. Det er viktig at universell utforming ikkje berre vert punkttiltak, men sikrar heile reisa til og frå målpunkta. Universell utforming kan ha betydning for å hindre ulykker og skapa tryggleik for dei som er avhengige av tilpassa løysingar. Det vart føreslått at fylkeskommunen kunne ta del i Statens vegvesen sine trafikktrygging-kampanjar. Rådet var opptatte av deltaking i prosessen med handlingsprogrammet og oppmoda til at sårbare grupper i trafikken fekk koma med innspel direkte.

Fylkeseldrerådet var også opptatt av at god medverknad vart tatt i vare i prosessen. Elsparkesykkel og utryggleiken desse skapar vart eit tema. Mange eldre får nedsett syn og behovet for veglys aukar. Det vart spelt inn forslag om sterkare satsing på tiltaket «Bilfører 65+», som er eit oppfriskingskurs i regi av Statens vegvesen. Det vart fremma synspunkt på at det vart investert for lite i trygge kryssingspunkt og separate gang- og sykkeltilbod. Vidare vart det vektlagt

at ein ved den politiske handsaminga av handlingsprogrammet var viktig å synleggjera dei store behova for fysiske trafikktryggingstiltak og vedlikehald på fylkesvegnettet.

Fylkeseldrerådet har etter orienteringa fylgt opp med ei politisk sak, der dei kjem med skriftlege innspel. Innspela er vedlagt dette notatet, og vert tatt med i det vidare arbeidet. Dei er relevante også for arbeidet med regional transportplan, då dei dekkjer fleire tema innan veg og kollektivtransport. Rådet peikar igjen på behovet for ei sterkare satsing på gang- og sykkelveggar, der sikkerheita vert tatt i vare for alle trafikantgrupper. Rådet legg vekt på trygge skuleveggar, trafikksikkerheitsopplæring i vidaregåande skule, separering av motgåande køyrefelt og sikring mot utforkøyring på høgt trafikkerte veggar, med meir.

Alle dei tre medverknadsorgana ønskte å verta involverte i den vidare prosessen med handlingsprogrammet.

Kommentarar til innspela

Det er ikkje unaturleg at folk set ras- og trafikksikring i samanheng, særleg i eit rasfylke som Vestland. Det politiske og folkelege engasjementet for rassikring er stort i fylket vårt. Rasfare skapar ein heilt reell utryggleik som mange av våre innbyggjarar til dagleg kjenner på kroppen. I følgje folkehelseoversikta for Vestland 2019-2023 gjer rasfare nokre regionar mindre attraktive for pendling og påverkar viljen til å verta buande. Rasfare gjer det mindre aktuelt for folk å nytta gange og sykling til transport. Barn som veks opp under slike tilhøve har truleg større sannsyn for å ta med seg passive transportvanar inn i vaksenlivet, i tillegg til opplevinga av utrygge omgjevnader. I Noreg er trafikktryggingarbeidet og innsatsen for rassikring organisert kvar for seg. Rassikring på fylkesveg vil difor sortera under regional transportplan for Vestland.

Elsparkesykkel er eit heitt tema for tida, særleg i dei norske byane der det er etablert utleigeordningar for desse. I Bergen har dei mange elsparkesyklane i gatene skapt utryggleik for mjuke trafikantar og utfordringar for framkome, grunna ferdsel og villparkering på fortau- og torgareal. I tillegg er det mange elsparkesyklistar som skadar seg. Det er naturleg at tematikken vert fylgt opp vidare. Her kan me nemna at fylkeskommunen tar del i eit pilotprosjekt for regulering av elsparkesyklar i Bergen kommune. Vidare gav fylkesutvalet i møte 9. februar uttale til føreslåtte forskriftsendringar som skal sikra ei betre regulering av elsparkesyklar og andre formar for mikromobilitet. SAMO bad i møte 7. januar om at det vert utarbeidd ein delstrategi for mikromobilitet som del av det pågåande arbeidet med strategi for mjuke trafikantar. Denne strategien høyrer til under regional transportplan. Også for handlingsprogrammet for trafikktrygging vil det vera naturleg å vurdere tiltak knytt til mikromobilitet.

Eldre er ei utsett gruppe i trafikken, med høgare risiko for å vera involverte i trafikkulykker både som bilistar og som mjuke trafikantar. Dette gjer det naturleg å vurdere målretta tiltak for gruppa i handlingsprogrammet.

Ønsket frå medverknadsorgana om vidare involvering i arbeidet med handlingsprogrammet tar me sjølvstilt til følgje. Fylkesdirektøren ser føre seg at handlingsprogram-verkstaden som saka om oppstart av arbeidet skisserer kan vera ein god arena, der ein representant frå kvar av medverknadsorgana kan delta.

Endringar i organiseringa

Den administrative og tverretatlege prosjektgruppa for handlingsprogrammet er no supplert med ein representant for Vest politidistrikt. Politiet har ei heilt sentral rolle i trafikktryggingarbeidet og kan gi verdfulle bidrag til arbeidet. Frå før av er Trygg Trafikk og Statens vegvesen representerte i prosjektgruppa, i tillegg til at fylkeskommunen stiller med representantar for fagfelte folkehelse, mobilitet og kollektiv, ulykkesanalyse, fysiske trafikktryggingstiltak og overordna trafikktryggingarbeid.

Vidare arbeid og framdrift

I arbeidet med handlingsprogrammet er me framleis i fasen med utforming av eit kunnskapsgrunnlag. Me er noko bak det skisserte skjemaet i oppstartssaka, men fylkesdirektøren vurderer det ikkje som kritisk. Det er naturleg at fleire prosessar går parallelt, og dette kan ein gjera i større grad enn kva opphavleg framdriftsplan la opp til. Dette gjeld utarbeiding av kunnskapsgrunnlag, planarbeid og medverknad. Til dømes treng ikkje målformuleringar, strategiar og tiltak å verta låste tidleg i planarbeidet, men kan finna si rette form gradvis gjennom eit samspel med ny kunnskap og nye innspel. Den opphavlege framdriftsplanen kan de sjå under:

Overordna framdriftsplan, handlingsprogram for trafiktrygging (frå sak om oppstart av arbeidet, SAMO 14. oktober 2020)		
Fase	Kva?	Kor tid?
Oppstart	Sak om oppstart til SAMO	sep.-okt. 20
Utgreiingsfase	Evalueringar og utarbeiding av kunnskapsgrunnlag	sep.-nov. 20
	Innleiande planarbeid (skisse av innretting)	sep.-nov. 20
Medverknad		okt.-feb. 20/21
Utarbeiding av plan		jan.-mai 21
Høyring?		aug.-sep. 21
Vurdering innspel?	Vurdering av innkomne høyringsinnspel	sep.-okt. 21
Vedtak	Politisk handsaming	Hausten 2021

Første runde med medverknadsorgana er gjennomført. Det står att å gjennomføra ei spørjeundersøking med kommunane, som synleggjer deira trafiktryggingsarbeid og behova dei har. Det vil vera ei løypande involvering av FTU gjennom prosessen. Fylkesdirektøren ser det som tenleg at medverknadsorgana vert representerte i handlingsprogram-verkstaden som oppstartssaka skisserer. Fylkesdirektøren ser føre seg at kunnskapsgrunnlaget vil danna eit godt grunnlag for ein slik verkstad. Medverknadsorgana var tydelege på verdien av involvering og ei brei høyring av planforslaget når det ligg klart. Dette rådet tar me til oss.

Handlingsprogram for trafiktrygging har som kjend si forankring i utvalsreglementet for FTU, og er ikkje låst til framdrifta i regional transportplan (RTP). Det gjer at me har høve til å ta oss litt betre tid, samstundes som me sikrar at handlingsprogrammet er godt koordinert med RTP. Eit døme på eit viktig grensesnitt til RTP er strategi for mjuke trafikantar. Koplinga til nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg vert også viktig. Her er arbeidet med rullering nyleg sett i gang, og fylka vil verta involverte i arbeidet. Den nasjonale tiltaksplanen vil ha same planperiode som vårt handlingsprogram (2022-2025), men framdriftsplanen til den nasjonale tiltaksplanen legg opp til ferdigstilling først i 2022.

Fylkesdirektøren legg fram følgjande reviderte framdriftsplan for arbeidet med handlingsprogram for trafiktrygging i Vestland. Målet er framleis at handlingsprogrammet vert vedtatt innan utgangen av 2021.

Revidert overordna framdriftsplan, handlingsprogram for trafiktrygging (statusmelding til FTU 15. mars 2021)		
Fase	Kva?	Kor tid?
Oppstart	Sak om oppstart til SAMO	sep.-okt. 20
Utgreiingsfase	Evalueringar og utarbeiding av kunnskapsgrunnlag	sep.-mai 20
	Innleiande planarbeid (skisse av innretting)	sep.-des. 20
Medverknad		des.-mai 20/21
Utarbeiding av plan		jan.-aug. 21
Høyring		aug.-sep. 21
Vurdering innspel	Vurdering av innkomne høyringsinnspel	sep.-okt. 21
Vedtak	Politisk handsaming	nov.-des. 21

Vedlegg

1 Uttale frå fylkeseldrerådet - Innspel trafiktryggingshandlingsplan

INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR TRAFIKKTRYGGING I VESTLAND 2022 – 2025

I møte i fylkeseldrerådet 14.01.21 var «PS 1/21 Innspel til Handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland 2022 – 2025» sak til behandling.

Fylkeseldrerådet vil spele inn følgjande til Handlingsprogrammet for trafikktrygging i Vestland 2022 – 2025:

Kollektivtransport:

Bussmateriell må tilpassast alle reisande og vere universelt utforma.

Det må vere god sikring av passasjerane, tydelege og gode signal på stoggestadar, lyd og lesbart både i bussen og på haldeplassane.

Haldeplassane må vere universelt utforma med enkel av og påstigning. God lyssetting.

Haldeplassane må plasserast slik at det det ikkje oppstår trafikkale problem, vi tenkjer då på god sikt for andre køyrety og stogg utanfor køyrabana.

På store haldeplassar som t.d i Bergen og Førde m.v. bør det vere hjelp tilgjengeleg for å hjelpe passasjerar til rette, t.d. med bagasje handtering og informasjon.

Gåande og syklande:

For gåande og syklande er det viktig å intensivere utbygging av gang- og sykkelveggar. Det er eit stort etterslep for slike tiltak i fylkesvegane og kommunale vegar.

På det mest trafikkerte stadane bør sykkelveggar vere adskilt frå gangveggar. God merking med skilt m.v. er viktig. God lyssetting.

Rådet meiner at når det vert bygt nye vegar må det vere ein sjølvstøtt ting at det vert lagt til rette også med gang- og sykkelveg. Dette vil også verte rimelegare enn å ta dette etter at vegane er ferdig.

Det er også viktig at gang- og sykkelveggar vert godt skilt frå køyrabana. Dette for å hindre påkøyringsulukker. Gang- og sykkelveggar som kryssar vegbana må leggest opp utan kantar o.l som vanskeleggjer kryssing.

Rådet meiner at slike tiltak er gode folkehelseiltak og bør få høgare prioritet. Høgare løyvingar for å få utbygt fleire gang og sykkelveggar er turvande.

Trygge skuleveggar:

Trygge skuleveggar må ha høg prioritet.

Det bør vere opplæring i trafiksikkerheit i dei vidaregåande skulane og god informasjon om trafiksikkerheit til alle grupper.

Billettering:

Systema for billettering må samordnast og leggest opp slik at det blir enklare og meir oversiktleg og bestille billetter til heile reise. Gjennomgåande billettering.

Kredittkort skal òg kunne brukast som betaling utan straffegebyr.

Møte- og utforkøyringsulukker:

For å minimere møte og utforkøyringsulukker må det på dei mest trafikkerte vegane monterast vegdelar og god sikring mot utforkøyring og mot gang – og sykkelveggar.

Rassikring, utbetring av flaskehalsar og nytt dekke der det er nedslitt er også viktige tiltak i trafikktryggleikssamanheng.

Høyring:

Rådet meiner at når det er utarbeid eit framlegg til plan må den sendast ut på ei brei høyring.

Med helsing

Harald Ekroll, leiar
fylkeseldrerådet i Vestland

Saksnr: 2019/101-33
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 05.01.2021

Til: Trafikktryggingsutvalet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Årsplan for FTU 2021

Etter reglementet for trafikktryggingsutvalet skal utvalet gjennom sitt område «lage ein årsplan for dei konkrete tiltaka som er tenkt gjennomført i Vestland kor det synleggjerast kven som er ansvarleg for at tiltaka vert gjennomførte.»

Dette er første gang fylkesdirektøren legg fram ein årsplan for utvalet. Sjølv om utvalsreglementet seier noko, er det likevel behov for å vera meir konkret i kva det faktiske innhaldet i årsplanen skal vera. Vidare bør me tenka på kva hensikta er med å ha ein slik plan.

Ein kan tolka formuleringa på ulikt vis. *Ei*-tolking er at intensjonen er å presentera konkrete tiltak der Vestland fylkeskommune har ei rolle, enten gjennom eiga aktivitet eller gjennom finansiering. Ei anna tolking er at formuleringa *er meint å vera vid-* intensjonen er å synleggjera konkrete tiltak som dei ulike aktørane i trafikktryggingsarbeidet har tenkt å gjennomføra i Vestland fylke som geografisk eining. Sistnemnte er kanskje ikkje så ulogisk, gitt at FTU skal følgja opp fylkeskommunen sitt ansvar for å *tilrå og samordna tiltak for å fremma trafikksikkerheita i fylket* (vegtrafikklova §40a.). I så måte kan årsplanen vera eit av dei viktigaste verktøya for den konkrete samordninga av tiltak.

I ei slik vid tolking må me likevel setja streken ein plass. Det er etter fylkesdirektøren si vurdering ikkje tenleg å inkludera tiltaka i den einskilde kommune eller eit hundretals aktivitetar i frivillig regi. Det kan derimot ha ein funksjon at dei mest sentrale aktørane innan ts-arbeidet i fylket er kjende med kvarandre sine tiltak gjennom året. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er behov for å gå inn på dei konkrete fysiske ts-tiltaka som ligg i investeringsbudsjettet i denne samanhengen.

I første omgang vil hovudfokus i årsplanen ligga på tiltaka som er knytt til FTU-midlane. Tanken er vidare at årsplanen er eit levande dokument som kan verta oppdatert gjennom året ved behov. Me vil sjå på moglegheitene for å få til ein felles oversikt for dei sentrale ts-aktørane i fylket på sikt. Tiltaksoversikta bør også synleggjera koplinga til prioriterte innsatsområde i nytt handlingsprogram for trafikktrygging i Vestland, slik at årsplanen vert noko meir enn ei opplisting av tiltak.

I tillegg til årsplanen legg fylkesdirektøren fram ein kalender for FTU-året, som gjev oversyn over sentrale datoar og aktivitetar i 2021.

Årsplan for FTU 2021		
Forkortinger: FTU = Trafikktryggingssutvalet, INV = avd. for infrastruktur og veg, MOK = avd. for mobilitet og kollektiv, OPK = avd. for opplæring og kompetanse.		
Innsatsområde	Tiltak	Hovudansvarleg
Barn og unge	Skulestartaksjonar	Trygg Trafikk
Barn og unge	Vervekampanje Barnas Trafikkklubb	Trygg Trafikk
Barn og unge/trafikantrretta arbeid	Valfag trafikk	Trygg Trafikk
Handlingsprogram ts Vestland	Utarbeiding av kunnskapsgrunnlag	INV
Handlingsprogram ts Vestland	Verkstad handlingsprogram	FTU/INV
Handlingsprogram ts Vestland	Spørjeundersøking til kommunane	INV
Handlingsprogram ts Vestland	Høyring av forslag til handlingsprogram	INV
Handlingsprogram ts Vestland	Vedtak av handlingsprogram	INV
Refleks	Refleksstrategi (del av HP-arbeidet)	INV/MOK
Refleks	Innkjøp og utsending av refleksar	MOK/Trygg Trafikk
Refleks	Markering refleksdagen	MOK/Trygg Trafikk
Refleks	Refleksjakt i Vestland, 4. klasse	Trygg Trafikk
Refleks	Refleksteljing (i samarbeid med MA)	Trygg Trafikk
Sikring av barn i bil	Sikring av barn i bil-teljing	Trygg Trafikk/UP
Sykkellys	Bruk sykkellys-kampanjen	Trygg Trafikk
Trafikantrretta arbeid	Tilskot til trafikktryggingssaktivitetar	FTU/MOK
Trafikantrretta arbeid	Hjertesone-prosjektet i Bergen	Trygg Trafikk, Bergen kommune, INV og MOK.
Trafikantrretta arbeid	Tildeling av Trafikksikkerheitsprisen	FTU/INV/MOK
Trafikantrretta arbeid	Ts-kampanje: Merksemd i trafikken?	INV
Trafikantrretta arbeid	Trafikksikkerheitsdagen	Trygg Trafikk
Trafikktrygging i kommunane	Tilskot til kommunale trafikktryggingssplanar	FTU/INV
Trafikktrygging i kommunane	Gje innspel til og delta i kommunale ts-planprosessar	INV/MOK, Trygg Trafikk
Trafikktrygging i kommunane	Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak	FTU/INV
Trafikktrygging i kommunane	Trafikksikker kommune - godkjenning, regodkjenning og rekruttering av kommunar	Trygg Trafikk
Trafikktrygging i kommunane	Trafikksikker kommune - nettverkssamling	Trygg Trafikk
Trafikktrygging i kommunane	Trafikksikker kommune - div. aktivitetar	Trygg Trafikk

Årsplan for FTU 2021

Forkortingar: FTU = Trafikktryggingsutvalet, INV = avd. for infrastruktur og veg, MOK = avd. for mobilitet og kollektiv, OPK = avd. for opplæring og kompetanse.

Innsatsområde	Tiltak	Hovudansvarleg
Trafikktrygging i kommunane	Trafikktryggingskonferansen i Vestland	FTU/INV/MOK
Trafikktrygging i kommunane	Fagdag trafikktrygging	INV
Vidaregåande skule	Felles ts-arrangement for avgangselevane i vgs.	Trygg Trafikk
Vidaregåande skule	Oppstartsmøte med skulane	OPK
Vidaregåande skule	Informasjonsmøte for russ og føresette	OPK
Vidaregåande skule	Møte med samarbeidsgruppa for russefeiringa	OPK
Vidaregåande skule	Møte med russeråd	OPK
Vidaregåande skule	#ErDuSikker	Trygg Trafikk/OPK

Kalenderen er ikkje komplett. Det er til dømes tidfesta tiltak frå årsplanen som me kan synleggjera i kalenderen. Kalenderen gjev likevel eit greitt oversyn over viktige datoar gjennom året.

Kalender for FTU 2021		
Kva tid?	Aktivitet/frist	Kommentar
Midten av des. 2020	Utlysing/annonsering av tilskotsordningar 2021	
25.jan	1. FTU-møte	Saker: fordeling FTU-midlar 2021 (innstilling til SAMO).
1.feb	Søknadsfrist tilskot til fysiske ts-tiltak	
1.feb	Søknadsfrist tilskot til ts-aktivitetar, 1. tildeling	
Februar	Minnemarkering for trafikkofter	
Starten av mars	Oppstart arbeidsgruppe for ts-konferansen 2021	
15.mar	2. FTU-møte	Saker: tildeling fysiske ts-tiltak, 1. tildeling ts-aktivitetar, årsplan for FTU
1.apr	Søknadsfrist tilskot til kommunale ts-planar	
14.apr	Den nasjonale ts-konferansen	Digital utgåve
30.apr	Fellesarrangement for avgangselevar vgs.	Digital utgåve
19.mai	3. FTU-møte	Saker: tildeling kommunale ts-planar, orientering Ts-konferansen 2021
Midten av juni	Resultatkonferanse for Nasjonal tiltaksplan for ts	
28.aug	Trafikksikkerheitsdagen 2021	
Månedsskiftet aug/sep	Invitere til ts-konferansen 2021	
1.sep	Søknadsfrist tilskot til ts-aktivitetar, 2. tildeling	
Månedsskiftet sep/okt	Annonsering - kandidatar til ts-prisen 2021	
4.okt	4. FTU-møte	Orientering om ulykkesutviklinga (offisielle tal for 2020). Saker: 2. tildeling ts-aktivitetar
21.okt	Refleksdagen	
15.nov	5. FTU-møte	Saker: Handlingsprogram for ts 2022-2025, møteplan for 2022, ts-prisen for Vestland.
Midten/slutten av nov.	Trafikktryggingskonferansen i Vestland 2021	
Midt nov/start des.	Utlysing/annonsering av tilskotsordningar 2022	

Saksnr: 2019/101-36
Saksbehandlar Even Vaular
Dato: 01.03.2021

Til: Trafikktryggingsutvalet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Svar på spørsmål frå Leif Fjellro (Folkepartiet Vestland/uavhengige) om språkkrav til bussjåførar og tiltak for å redusera skadeomfanget på bussmateriell

I møtet i trafikktryggingsutvalet 25. januar stilte representant Leif Fjellro (Folkepartiet Vestland/uavhengige) spørsmål om språkkrav til bussjåførar og tiltak for å redusera omfanget av skadar på bussmateriell. Då ikkje Skyss var representert i møtet og kunne svara ut spørsmåla munnleg, vart det avtalt at Fjellro skulle få skriftleg svar. Fjellro sendte spørsmåla sine skriftleg i e-post dagsett 15. februar. Her skriv han:

Språkmessig er det ønskelig at for å få lov til å kjøre buss eller lastebil må en beherske B2 (høyere mellomnivå) i norsk.
Etter å ha fått bekreftet at utenlandske arbeidssøkere kan få ta sertifikat på tyngre kjøretøy på sitt eget språk, synes jeg dette er meget bekymringsfullt om de skulle bli innblandet i en ulykke, også kommunikasjon med passasjerer er viktig.
Hvordan kontrolleres norskkunnskapene til sjåførar på tyngre kjøretøy?
Hva sier Skyss om disse tingene i sin HMS-avtale?
Hva gjør Skyss for å redusere skadeomfanget på selskapets busser?

Skyss v/direktør Målfrid Vik Sønstabø sendte i e-post dagsett 25. februar svar på spørsmåla.

Svar frå Skyss

Hvordan kontrolleres norskkunnskapene til sjåførar på tyngre kjøretøy?

Operatør er pålagt å kontrollere at krava som er stilt til sjåførar, enten gjennom lovverk og forskrifter, eller gjennom kontrakten, vert følgt opp og dokumentert, irekna språkkrav.

I tillegg har oppdragsgjevar (Skyss) rett til å gjennomføre revisjonar av operatør, irekna gjennomføre inspeksjonar og kontrollar av alle forhold som vedkjem utføringa av oppdraget. Døme på forhold er rutinar og prosedyrar knytt til drifta (eksempelvis personalforvaltning, skiftplanlegging, trafikkleiing, kommunikasjon til sjåførar). Oppdragsgjevar kan ileggje operatør dagbøter for avvik som vert avdekt under revisjon og som ikkje er utbetra innan fastsett frist.

Hva sier Skyss om disse tingene i sin HMS-avtale?

I dei siste busskontraktane som Skyss har inngått (til dømes rutepakke Bergen sentrum og Bergen nord), så er det følgjande krav til språk:

«1.8.3.2 Språk

Operatør skal sikre at sjåfør kan snakke og forstå norsk språk, både munnleg og skriftleg. Med dette meinast at dei tilsette bør ha norskkunnskapar tilsvarande nivå B1 i samsvar med nivåklassifiseringar i det felles europeiske rammeverket for språk, CEFR.

Operatør har ansvar for all språkopplæring, samt at kunnskapen vert vedlikehalden hos den einskilde. Operatør skal stille særlege krav om norskkferdigheitar ved tilsetting. Sjåførar som ikkje

har norsk som morsmål, skal ha gjennomført og bestått språktesten norsk for framandspråklege - nivå A2 (basis bruker) før dei vert tilsett.

Sjåførar som allereie er tilsett hos Operatør og som vert tilsett hos Operatør ved verksemdoverdraging, og som ikkje har norsk som morsmål, har Operatør eit særskilt oppfølgingsansvar for når det gjeld språkoppplæring. Etter endt oppfølging (6 månader) skal sjåførane bestå språktesten nivå A2, norsk for framandspråklege (sjølvstendig bruker).»

Hva gjør Skyss for å redusere skadeomfanget på selskapets busser?

Innleiingsvis kan det vera naturleg å presisere at det er operatør som er ansvarleg, og ber risikoen, for alt tap og skade på materiell og gods, samt skade på personell og passasjerar ved utføringa av oppdraget. Oppdragsgjevar (Skyss) er ikkje under noko omstende ansvarleg for skader på operatørens materiell.

Men Skyss bidreg likevel med å legge til rette for at operatør kan unngå skadar med til dømes:

- I kontraktane er det fleire punkt som stiller krav til opplæring og førebuing av sjåførar sitt oppdrag i ruteproduksjonen.
- Vognkrava legg til grunn at fleire skadeavgrensande element skal vere på plass og av god kvalitet.
- Både operatør og oppdragsgjevar skal bidra til at infrastruktur er av god kvalitet (t.d. utbetring av vanskelege vegparti, vintervedlikehald mm).
- Det er dialog mellom operatør og oppdragsgjevar ang. køyretid på ruteproduksjon slik at denne vert tilpassa reelt behov, og at ein på den måten reduserer tidspress som ein mogleg faktor for skadar på bussmateriell

Politiske saker
PS 2/21 Tilskot - Trafikktryggleiksaktivitetar

Saksnr: 2020/78745-36
Saksbehandlar: Eva Margaretha Ørmen
 Vinjevoll

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Trafikktryggingutvalet	2/21	15.03.2021

Tilskot - Trafikktryggleiksaktivitetar

Forslag til vedtak

FTU tildeler 1 408 112 kr til 35 arrangement fordelt slik som tabellen viser

Søklar	Namn på aktivitet	Søknadsum	Totalkostnad	Tilskot
Lysekloster barneskule	Sykkelkids	13 000 kr	13 000 kr	13 000 kr
FAU Kleppe skole	Gåaksjonen 2021	10 000 kr	10 000 kr	8 000 kr
NFF Sogn og Fjordane	Trafikktryggleiks-kampanje 2021	95 000 kr	220 800 kr	95 000 kr
Kvinnherad kommune	Sykkelopplæring i skulen	15 000 kr	15 000 kr	15 000 kr
Bjergum skule	Sykkelkids Sykkelopplæring i skolen	15 000 kr	15 000 kr	15 000 kr
Gullfjordungen skule	Sykkelopplæring - trafikktryggleik	22 000 kr	22 000 kr	22 000 kr
Bjørnafjorden kommune	Sykkelopplæring - trafikktryggleik	22 500 kr	22 500 kr	22 500 kr
Sædalen FAU	Refleksvestaksjon vinter 2021	6 000 kr	6 000 kr	6 000 kr
Askøy kommune skole	Sykkelkids - Sykkelopplæring i skolen	15 000 kr	15 000 kr	15 000 kr
Hetlevik skole	Sykkeldag med praktisk prøve og test av utstyr	7 500 kr	7 500 kr	7 500 kr
Stord kommune	Trygg på sykkel i Stord	51 500 kr	52 000 kr	51 500 kr
Politikameratane	Årdal Tenk Tryggleik	50 000 kr	74 000 kr	50 000 kr
Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane	Bilfører 65+ kurs	48 000 kr	48 000 kr	48 000 kr
Kvinnherad kommune	Reflekskampanje 2022	50 000 kr	50 000 kr	40 000 kr
Sogndal VGS	Russen sin dag	22 000 kr	22 000 kr	22 000 kr
Erdal barneskole	Sykkelopplæring (Sykkelkids)	15 000 kr	15 000 kr	15 000 kr
Måløy VGS	Trafikktryggleiksdag	60 000 kr	58 441 kr	56 000 kr

Høyanger VGS	Kursa «Førstehjelp ved trafikkulykker» og «Trafikkulykke i tunnel og brannfare»	16 000 kr	16 000 kr	16 000 kr
Stiftinga Fitjar Frivilligsental	Trafikksikringsdag i Fitjar	66 000 kr	66 000 kr	62 000 kr
NFF Hordaland	Haldningsskapande arbeid 2021 for alle i fotballen	70 000 kr	100 000 kr	70 000 kr
Ettertankens dag Hordaland	Trafikksikkerhetsdagen 2021	83 000 kr	190 000 kr	83 000 kr
Kvinnherad VGS	Trafikksikringsdag på KVV 2021	24 500 kr	24 500 kr	24 500 kr
Bømlo kommune	Trafikktryggleik 5. - 7.klasse: Sykkelkids og læring om anleggsmaskiner	30 000 kr	30 000 kr	30 000 kr
Skulestad skule	Sykkelkids, sykkelopplæring i skulen	7 500 kr	7 500 kr	7 500 kr
Norges Cykleforbund	Sykkelkids	200 000 kr	2 550 000 kr	200 000 kr
Samnanger barneskule	Sykkelkids	15 000 kr	15 000 kr	15 000 kr
FAU Vikse skule	Holdningsskapande reflekskampanje	10 112 kr	10 112 kr	10 112 kr
NCF Region Vest	Trygg landeveisarena	125 000 kr	125 000 kr	50 000 kr
Austrheim kommune	Trafikksikring i Austrheim - frå barnehage til vaksen	131 500 kr	258 500 kr	131 500 kr
Firda VGS	Trafikktryggingstiltak	42 000 kr	42 000 kr	42 000 kr
Bømlo kommune	Ungdom- og fartskampanje	40 000 kr	80 000 kr	40 000 kr
Øygarden kommune	Trygg i trafikken	40 000 kr	40 000 kr	40 000 kr
Ulvik Herad	Busstur ved Ulvik barnehage	100 000 kr	100 000 kr	0 kr
Foreldrerådet ved Ytre Arna skule	Trygg skolevei for barna ved Ytre Arna skule	25 000 kr	25 000 kr	15 000 kr
Fjaler VGS	Refleksaksjon	20 000 kr	20 000 kr	20 000 kr
FAU ved Ulsmåg skule	Kunsthjartesone	86 000 kr	136 000 kr	50 000 kr
SUM		1 649 112 kr	4 501 853 kr	1 408 112 kr

Samandrag

I Trafikksikringsutvalet i Vestland sitt budsjett er det sett av 2 000 000 kr til tilskotsordninga for trafikktryggleiksaktivitetar. Innan fristen 1.februar kom det in 36 søknader frå alle delar av fylket. Fylkesdirektøren innstiller på at det vert delt ut 1 408 112 kr til 35 ulike arrangement. Det vert delt ut midlar til store og små tiltak innan sykkelopplæring, refleksaksjonar, trafikksikringsdagar, kurs og organisatoriske tiltak. Då står det att 591 888 kr til andre tildeling til hausten.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Torill Klinker
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I PS 2/2021 vedtok SAMO å setje av 2 000 000 kr til tilskot til trafikktryggingsaktivitetar i 2021. Ordninga er meint å stimulere til trafikktryggleiksaktivitetar i heile fylket.

Kriterium for tilskotsordninga

- Det blir lagt vekt på trafikkfagleg kvalitet og kor sentralt førebyggjande trafikksikringsarbeid står i tiltaket.
- Kor breitt tiltaket når ut vert vurdert opp mot storleiken på søknadssum.
- Trafikksikringsaktivitetar i kommunar som inngår i Trafikksikker kommune-arbeidet vert prioritert.
- Frivillige organisasjonar som driv med kontinuerleg og regionalt forankra trafikktryggingsarbeid vert prioritert.
- Tilskotet kan nyttast til kostnader som er direkte knytt til gjennomføring av tiltaket.
- Tilskotet kan ikkje nyttast til kostnader knytt til ordinær drift og administrasjon av søkjar si verksemd.

Tiltaket kan ikkje vere gjennomført før søknad er sendt. Dersom totalkostnaden av aktiviteten er meir enn 50 000 kr er det eit krav om eigenandel på minimum 25 % på den delen som overskrider 50 000 kr. Det vil sei at dersom totalkostnaden er på 60 000 kr må ein ha ein eigenandel på minimum 2 500 kr (Reknestykket: $(60\,000\text{ kr} - 50\,000\text{ kr}) \cdot 0,25 = 2\,500\text{ kr}$)

Vedtakskompetanse

I reglement for folkevalde organ og delegering har Trafikktryggingsutvalet avgjerdsmynde på tilskot til trafikktryggingsaktivitetar.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

I PS 2/2021 vedtok SAMO å setje av 2 000 000 kr til tilskot til trafikktryggingsaktivitetar i 2021. I denne saka innstiller fylkesdirektøren på at FTU deler ut 1 408 112 kr, og at det står att 591 888 kr til neste søknadsrunde.

Klima:

Ikkje direkte relevant, men trafikktryggleik er ein viktig føresetnad for at innbyggjarane i Vestland skal velje å gå eller sykle.

Folkehelse:

Ikkje direkte relevant, men trafikktryggleik er ein viktig føresetnad for at innbyggjarane i Vestland skal velje å gå eller sykle.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Satsing på trafikkopplæring og tilrettelegging for fysisk aktivitet frå ung alder er viktig for å styrka konkurransekrifta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

Konklusjon

Tilskotsordninga for trafikktryggleiksaktivitetar bidreg til aktivitet i heile Vestland fylke. Det er kome inn mange søknader til sykkelopplæring for barn, trafikktryggleiksdagar, reflekskampanjar med meir.

Erfaring tilseier at det kjem flest søknader til fyrste tilskotsrunde, og fylkesdirektøren innstiller difor på at vi deler ut 1 408 112 kr til 35 forskjellige aktivitetar. Då står det att 591 888 kr til andre tildeling til hausten. Fylkesdirektøren innstiller på at dei fleste får det dei har søkt om, men nokon har blitt trekt ned litt. Bakgrunnen for trekk er enten at midlane ikkje bidreg til den trafikkfaglege delen av arrangementet, at det trafikkfaglege ikkje er omtalt i tilstrekkeleg grad, manglande

eigenandel der det er krav om det, eller at søknaden er vurdert litt på sida av intensjonen til ordninga, og i eitt tilfelle er det eit fysisk kollektivtiltak det er søkt om.

Alt i alt er fylkesdirektøren godt nøgd med både talet på søknader og kvaliteten på desse. Under er aktivitetane omtala.

Sykkelkids i regi av Norges Cykleforbund

Norges Cykleforbund arrangerer sykkelopplæring i heile Hordaland. Sidan 2015 har 14 000 elevar vore gjennom opplæringa, og dei har fått svært gode tilbakemeldingar på opplegget. Det held sterk fagleg kvalitet og elevane får sykkelsertifikat ved avslutta opplæring. Opplæringsprogrammet strekker seg over tre eller fire dagar og har både ein praktisk og ein teoretisk del. Etter opplæringa av sykkelkids er også skulen pålagt å følgje opp med teoriundervisning basert på innhaldet på Sykkeldyktig.no. Totalkostnaden til prosjektet er 2 550 000 kr, og Bergen kommune støttar prosjektet med 1,75 million. For å oppretthalde det aktivitetsnivået dei ønsker i fleire kommunar søker dei 200 000 kr frå FTU. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 200 000kr.

Sykkelkids ved Lysekloster barneskule i Bjørnafjorden kommune

Lysekloster barneskule i Bjørnafjorden kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 13 000 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 13 000 kr.

Sykkelkids ved Uskedalen skule i Kvinnherad kommune

Uskedalen skule i Kvinnherad kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 15 000 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

Sykkelkids ved Bjørgum skule i Voss herad

Bjørgum skule i Voss herad søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 15 000 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

Sykkelkids ved Gullfjordungen skule i Voss herad

Gullfjordungen skule i Voss herad søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 22 000 kr som er eigenandelen for programmet og til ein utlån-sykkel for dei som ikkje har eigen sykkel. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 22 000 kr.

Sykkelkids ved Søfteland barneskule i Bjørnafjorden kommune

Søfteland barneskule i Bjørnafjorden kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 22 500 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 22 500 kr.

Sykkelkids ved Hop barneskule i Askøy kommune

Hop barneskule i Askøy kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 15 000 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

Sykkelkids ved Hetlevik skole i Askøy kommune

Hetlevik skole i Askøy kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved

mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 7 500 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 7 500 kr.

Sykkelkids ved fire skular i Stord kommune

Stord kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar ved fire barneskular i kommunen. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 51 500 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 51 500 kr.

Sykkelkids ved Erdal barneskule i Askøy kommune

Erdal barneskule i Askøy kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 7 500 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 7 500 kr.

Sykkelkids og informasjon på Meling skule og Rubbestadneset skule i Bømlo kommune

Meling skule og Rubbestadneset i Bømlo kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. I tillegg ønskjer dei å gjennomføre barnetråkk, ei vurdering av skulevegen og ha eit opplegg saman med entreprenør for å synleggjere blindsoner og utfordringar for sjåfør. Dei søker om 30 000 kr. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 30 000 kr.

Sykkelkids på Skulestad skule i Voss herad

Skulestad barneskule i Voss herad søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 7 500 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 7 500 kr.

Sykkelkids på Samnanger barneskule i Samnanger kommune

Samnanger barneskule i Samnanger kommune søker om midlar til å gjennomføre sykkel- og trafikkopplæring for elevar. Arrangementet skal sikre at elevane har tilstrekkelege ferdigheiter til å sykle i trafikken. «Sykkelkids» arrangerast i samarbeid med Norges Cykleforbund, og har blitt gjennomført ved mange skular i Hordaland med stor suksess. Dei søker om 15 000 kr som er eigenandelen for programmet. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 15 000 kr.

Sykelopplæring i regi av Foreldrerådet ved Ytre Arna Skole i Bergen kommune

Foreldrerådet ved Ytre Arna Skole søker midlar frå FTU til å arrangere sykkelopplæring, dei ønskjer å auke bruken av sykkel på mellomtrinnet og auke barna sin forståing av trafikktryggleik. Søknaden er todelt, og del 1 blir dekt av tilbodet som Sykkelkids tilbyr på alle skular i Bergen etter avtale med kommunen. Del 2 av arrangementet er informasjon og opplæring til heile barnetrinnet med fokus på mjuke trafikantar si rolle i trafikken. Dei ønsker her eit samarbeid med lastebileigarar då det er mykje tungtrafikk forbi skulen. Dei vil også kjøpe inn refleksjakker til frivillige vokse som kan lede gågrupper til skulen. Dei søker om 25 000 kr til eiga sykkelopplæring. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 15 000 kr ettersom NCF har ein avtale om å gjennomføre Sykkelkids på skulen, og dermed dekker del 1 av opplegget.

Russen sin dag ved Sogndal Vidaregåande skule

Russen sin dag er eit årleg arrangement ved skulen der dei har fokus på trafikktryggleik. Totalt skal 300 elevar vere med på arrangementet, der dei har foredrag, stander og praktiske øvingar. Dagen blir arrangert i samarbeid med politi, SVV og Røde kors. Dei har kostnader på 22 000 kr, og søker om å få dekt desse av FTU. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 22 000 kr.

Trafikktryggleiksdag ved Måløy Vidaregåande skule

Trafikktryggleiksdagen ved Måløy VGS er eit årleg arrangement der elevane skal få informasjon og får delta i praktiske øvingar. Saman med faglærar kan dei også få teste sine egne køyretøy. Elevane skal gå mellom ulike poster og får ei innføring i korleis ulike instansar jobbar dersom ei ulykke skjer. Dagen er eit samarbeid med mange faginstansar. Dei totale kostnadane knytt til å gjennomføre dagen er 58 442, det medfører ein liten eigenandel og fylkesdirektøren innstiller difor på eit tilskot på 56 000 kr.

Trafikktryggleiksdag i regi av Stiftinga Fitjar Frivilligsentral

Stiftinga Fitjar Frivilligsentral søker midlar til å gjennomføre ein trafikktryggleiksdag på Fitjar. Trafikktryggleiksdagen er for elevar ved 9. og 10. trinn på ungdomskulen, samt elevane på vidaregåande. Det blir fokus på rus, trafikk, sikring og fart. Dagen er eit samarbeid mellom NAF, Statens vegvesen, Trygg Trafikk, blålysetatane og lokal køyreskule. Arrangementet har ein totalkostnad på 66 000 kr, noko som utløyser krav om eigenandel. Fylkesdirektøren innstiller difor på eit tilskot på 62 000 kr.

Trafikksikkerhetsdagen 2021 i regi av Etertankens dag Hordaland

Stiftinga Etertankens dag arrangerer kvart år ein trafikktryggleiksdag på Festplassen i Bergen. Dagen er eit samarbeid mellom ulike etatar som jobbar med trafikktryggleik. Føremålet med arrangementet er å sette fokus på trafikktryggleik, informasjon og skal bidra til å skape gode haldningar til trafikktrygging. Arrangementet er opent for alle. Totalkostnaden til arrangementet er 190 000 kr, og dei søker om 83 000 kr frå FTU. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 83 000 kr.

Trafikksikringsdagen på Kvinnherad vidaregåande skule

Kvart år arrangerer Kvinnherad VGS eit trafikktryggleiksdag for elevane, det vil sei om lag 200 elevar. Dei skal ha foredrag frå ulike etatar som helse, politi og vegvesen, quiz for elevane og simulering av ulykke. Det skal i tillegg gjennomførast praktiske øvingar. Dei søker om 24 500 kr til å gjennomføre dagen. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 24 500 kr.

Russedag og markering av refleksdagen ved Firda Vidaregåande skule i Gloppen kommune

Ved Firda VGS ønskjer dei å ha to arrangement, fyrst skal dei ha ein russedag saman med SVV og politi, den dagen skal dei også ha fyrstehjelpskurs i samarbeid med Røde Kors. På russedagen skal det vere stands, informasjon og quiz. I tillegg ønskjer dei å markere refleksdagen i oktober. Dei søker om 42 000 kr til å gjennomføre desse arrangementa, fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 42 000 kr.

Refleksaksjon ved Dale vidaregåande skule i Fjaler kommune

Dale VGS ønskjer å arrangere ei «bli-sett-i-trafikken»-markering hausten 2021. Dei skal dele ut refleksar til alle elevane og ha refleksbruk som tema i alle klassene. Dei jobbar også for å få eit samarbeid med politiet om å delta på aksjonen for å synleggjere kor viktig det er å bli sett i trafikken. Dei søker om 20 000 kr til å kjøpe refleksar for. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 20 000 kr.

Ungdom- og farskampanje i regi av Bømlo kommune

Bømlo kommune søker om midlar til å gjennomføre ein ungdom- og farskampanje. Det skal skje i samarbeid med vidaregåande skule, naudetatar, trafikkskular og Trygg Trafikk. Det skal også vere ein mediekampanje i sosiale media, arrangement retta mot russen og refleksbruk. Dei planlegg å bruke 80 000 kr på kampanjen, og søker om 40 000 kr frå FTU. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

«Trafikksikring i Austrheim - frå barnehage til vaksen» i regi av Austrheim kommune

Austrheim kommune ønskjer å setje fokus på trafikksikring gjennom fleire arrangement. Dei skal ha trafikktryggingdagar for både barnehagar og skular der dei ønskjer å både ha teori og praksis på desse dagane. Det vil vere ulike opplegg for ulike opplegg for ulike aldersgrupper. Dei søker midlar til kjøp av undervisningsmateriale, promillebriller, førstehjelpskurs, bilvrak til simulering av ulykke med meir. Dei tenker å bruke 258 500 kr, og søker om 131 500 kr frå FTU. Arrangementa er ein del av arbeidet som Trafikksikker kommune. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 131 500 kr.

«Trygg i trafikken» på Spildepollen SFO i Øygarden kommune

«Trygg i trafikken» tar sikte på å gje fyrsteklassingane tryggleik og rettleiing på korleis dei skal ferdast trygt i trafikken. Dei ønskjer midlar til å kjøpe utstyr frå Barnas trafikklubb, male opp sykkelsti på asfalten ved skolen til opplæring, kjøpe inn refleksvestar og sykklar til utlån. Dei søker om å få dekt kostnadane på 40 000 kr. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 40 000 kr.

Trafikktryggleikskampanje i regi av NFF Sogn og Fjordane

NFF i Sogn og Fjordane har i ei årrekke jobba med å skape gode haldningar til trafikktryggleik. Dei har ei godkjenningssordning som dei kallar «Trafikksikker fotballklubb», dei har parkeringsvakter på større arrangement, konkurransar med trafikktryggleik som tema og informerer aktivt om

trafikktryggleik. NFF Sogn og Fjordane når ut til svært mange barn med dette arbeidet. Arbeidet er kontinuerleg gjennom året. Dei søker midlar til å jobbe vidare med dette arbeidet, som dei estimerer å ha ein totalkostnad på 220 800 kr. Dei søker om 95 000 kr i støtte frå FTU. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 95 000 kr

Haldningsskapande trafikktryggleiksarbeid i regi av NFF Hordaland

NFF i Hordaland søker pengar haldningsskapande trafikktryggleiksarbeid i kretsen. Dei søker pengar til planlegging, stander, banner, profilering, bildekonkurransen «Trygg Trafikant», hjelp til design, innkjøp av refleksar og sykkellys. Gjennom arbeidet til fotballkrinsen når dei ut til svært mange barn med dette arbeidet. Dei har totalkostnader på 100 000 kr på dette arbeidet, og søker om å få dekt 70 000 kr av desse. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 70 000 kr.

Gåaksjon i regi av FAU Kleppe skole

FAU ved Kleppe skole gjennomfører årleg ein gå-aksjon ved skulen for å auke delen av barn som går. Målet er at det skal vere færre bilar, og dermed færre trafikkfarlege situasjonar kring skulen. Dei søker om 10 000 kr som skal brukast til å kjøpe premiar. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 8 000 kr då midlane ikkje går til å sikre den trafikkfaglege delen av aktiviteten.

Refleksvestaksjon ved Sædalen skole i regi av Sædalen FAU

Kvart år arrangerer Sædalen FAU ein refleksvestaksjon ved skulen. Aksjonen er eit samarbeid mellom skulen og foreldretvalet. Beste klasse vinn, og ein klasse blir trekt ut tilfeldig og vinn pizza. Aksjonen skaper stort engasjement for refleksbruk på skulen. Dei søker om 6 000 kr til kjøp av premie. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 6 000 kr.

Reflekskampanje i Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune søker om 50 000 kr til å kjøpe inn refleksar som skal delast ut mange stadar i kommunen når mørketida kjem. Målet med aksjonen er å auke bruken av refleks i kommunen, og dette er ein del av arbeidet til Kvinnherad som Trafikksikker kommune. Ettersom det ikkje er skissert eit fagleg opplegg rundt korleis utdeling skal skje innstiller fylkesdirektøren på eit tilskot på 40 000 kr.

Haldningsskapande reflekskampanje i regi av FAU ved Vikse skule

FAU ved Vikse skule i Sveio kommune ønskjer å dele ut refleksar til alle barna ved skulen. Dei skal då ha ein reflekskampanje på hausten der skulen deltek på alderstilpassa aktivitetar. Planen er at reflekskampanjen også skal implementerast i undervisninga på skulen. Dei søker om 10 112 kr som skal gå til innkjøp av refleksar og materiell frå barnas trafikkklubb. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 10 112 kr.

Årdal Tenk Tryggleik i regi av Politikameratane i Årdal

Årdal Tenk Tryggleik er eit samarbeid mellom lokalt politi og konfirmantane i Årdal. Arrangementet går over tre dagar. Med på arrangementet er politi, brannvesen, Norsk folkehjelp, sivilforsvaret, Røde kors og ambulanse. Målet med arrangementet er at konfirmantane skal få ei innføring i korleis desse etatane jobbar, og kor viktig det er å tenke trafikktryggleik. Arrangementet har ein totalkostnad på 74 000 kr, og dei søker om 50 000 kr frå FTU. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 50 000 kr.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane legg til rette for Bilfører 65 + kurs

Bilfører 65+ kurs er eit kurs i regi av Statens vegvesen og er eit tiltak for å redusere talet på ulykker blant eldre bilførarar. Pensjonistforbundet fasiliterer kursa, at pensjonistforbundet skal jobbe for at fleire gjennomfører kurset er forankra i *Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerhet på vei*. Dei søker om 48 000 kr arbeidet, og fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 48 000 kr.

Kurs med trafikktryggleik som tema på Høyanger Vidaregåande skule

Høyanger VGS søker om midlar til å gjennomføre dei to kursa «Førstehjelp ved trafikkulykker» og «Trafikkulykke i tunnel og brannfare». På kursa skal elevane lære korleis dei skal reagere dersom dei er fyrst på ein ulykkestad med melding, sikring og førstehjelp. Det andre kurset om branntilløp ved ulykke og tunnel inneheld også praktisk oppgåve med sløkking. Brannvakten DA held kurset. Dei søker om midlar til å få dekt kursavgiftene på til saman 16 000 kr. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 16 000 kr.

Prosjektet «Trygg landevegsarena» i regi av NCF Region Vest

Per i dag manglar det gode retningslinjer og føringar for korleis ein skal planlegge, gjennomføre og vurdere trafikksikringstiltak og risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med sykkelritt på veg. NCF Region Vest har tatt på seg jobben med å sjå på denne problemstillinga saman med aktuelle

samarbeidspartar. Sluttproduktet skal vere ein rapport som skildrar dei ulike problemstillingar som ofte oppstå under arrangement. Aktuelle samarbeidspartar er Statens Vegvesen, fylkeskommunen, kommunar, Vest politidistrikt, Vestland idrettskrets, Sykkel-VM 2017 og NCF nasjonalt. Dei tenker å bruke 125 000 kr på prosjektet, og søker FTU om 125 000 kr i stønad. Prosjektet er litt på sida av intensjonen til tilskotsordninga, men fylkesdirektøren ser behovet for trygge arrangement, og at prosjektet har ein nasjonal overføringsverdi. Fylkesdirektøren tilrår difor eit tilskot på 50 000 kr.

Kunsthjertesone i regi av FAU ved Ulsmåg skole i Bergen kommune

Ulsmåg skole er godkjent som Hjertesone-skule og ønskjer no å utvide til ei kunst-Hjertesone. Dei ønskjer å bruke kunst, design, involvering og deltaking som metode og prosess for å endre den trafikale adferda til bilistar i og rundt skulen. Kunsten skal plasserast på dropsonen på skulen sitt område. Dei tenker å bruke 136 000 kr på prosjektet og søker om å få dekt 86 000 kr frå FTU. Tiltaket er i grenseland mellom fysisk tiltak og aktivitet, men fylkesdirektøren meiner prosjektet er spanande dersom det utformast på riktig måte. Fylkesdirektøren innstiller på eit tilskot på 50 000 kr.

Busskur ved Ulvik barnehage

Ulvik herad søker om midlar til å sette opp eit busskur ved Ulvik barnehage. Dette er eit fysisk tiltak, og fylkeskommunen handterer denne saka som eit innspel til kollektivinfrastruktur. Dei søker om 100 000 kr til dette, og fylkesdirektøren innstiller på at dei ikkje får tilskot.

Saksnr: 2020/79068-68
Saksbehandlar: Even Vaular

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Trafikktryggingutvalet	3/21	15.03.2021

Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2021

Forslag til vedtak

1. Tilskot frå ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak i 2021 vert fordelt til desse tiltaka:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling (kr)
Alver	Fartsdempande tiltak Kv.2035 Hjertåsvegen og Kv.6059 Kyrhovden	100 000
Alver	Gangfelt Kv.1021 ved kryss Fv.5470 ved Lindås senter	250 000
Askøy	Utbetring av kryssingspunkt Kv.1212 Kollevågvegen	400 000
Austevoll	Hjertesone ved Storebø barneskule	1 000 000
Austrheim	G/s-veg Fv.565 Mastrevik v/ sjukeheim og kulturskule/seniorsenter	200 000
Bjørnafjorden	Fortau Kv. Nilsavegen	500 000
Bremanger	Tryggare skuleveg Ålfoten, Sigdestad	225 000
Bømlo	Sikring av kryssingspunkt - Øklandsvegen/Bjørkåsen Fv.5002/Kv.1077	250 000
Bømlo	Fjellsikring og tiltak mot utvasking av veg Kv.1151 Børøyvegen	1 000 000
Bømlo	Gangsti i nytt kryssområde frå Myro mot Folderøy skule, KV1226	100 000
Fitjar	Kv.19 Rekkverk ved Kuarvågen	150 000
Gloppen	Ferdigstilling av g/s-veg langs Gotavegen	130 000
Gulen	G/s-veg Byrknes, Nordre garden	175 000
Høyanger	Kyss og køyr-sone ved Høyanger skule	1 000 000
Kinn	Gangsti Måløy, gate 2 - 4 til Vågsøy Ungdomsskole	1 000 000
Kvam	Sandvenhagen/Seland - g/s-veg med veglys	1 000 000
Kvinnherad	Gatelys - Kv1140 - Geilovegen Valen	300 000
Kvinnherad	G/s-veg (fortau) med veglys Kv.1127 - Bogsnes	425 000
Luster	Veglys Skulebakken, Skjolden	33 275
Osterøy	Fortau i boligfelt, Ramberg	250 000
Sogndal	Oppgradering Prestadalen	140 911
Sogndal	Opprusting av gangbrurekkverk på skuleveg i Kaupanger	72 579
Sogndal	Gatelys ved Norane oppvekstsenter	25 817
Stad	Lyssetting og trafikkregulering ved skular, sikring/rekkverk kommunal veg	207 418
Stord	Gang- og sykkel tunnel på Banevegen, Vassneset, Sagvåg sentrum	325 000
Sunnfjord	Fortau med lys - Brendeholten	750 000
Vaksdal	G/s-veg Dale skule/Dale sentrum til fleirbrukshall og sentralidrettsanlegg	590 000
	SUM (kr.)	10 600 000

Samandrag

Til tildelinga frå tilskotsordninga for fysiske trafikktryggingstiltak 2021 har det kome inn 53 søknadar frå 27 av fylkets 43 kommunar. Det er samla søkt om drygt 20 mill. kr i tilskot frå ramma på 10,6 mill. kr. Alle tiltaka det er søkt om har vore gjennom ei fagleg vurdering, som mellom anna har sett på risiko, betyding for trafikktryggleiken og kost/hytte. Fleire gode tiltak har ikkje nådd opp i fylkesdirektøren sitt forslag til vedtak. Tiltaka i forslaget rettar seg i hovudsak mot mjuke trafikantar og utforkøyringsulykker.

Dina Lefdal
fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Carl Erik Nielsen
leiar utgreiing

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Tilskot til fysiske trafikktryggingstiltak 2021 - nøkkelinfo om søknadane

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune har tre tilskotsordningar til trafikktrygging som får dei økonomiske rammene fordelt frå FTU-midlane. Trafikktryggingsutvalet (FTU) gjer vedtak om fordeling av tilskotsmidlar frå ordningane. Dei tre tilskotsordningane har kvar sine retningslinjer, som sist vart revidert i fylkestinget 15.-16. desember 2020 i politisk sak (PS) 171/2020.

Om tilskotsordninga

Målgruppa for tilskotsordninga er kommunane i Vestland fylke. Tilskotsordninga har som mål å styrka trafikktryggleiken på og langs veg i kommunane. Det er kommunane i Vestland fylke som har høve til å søka om tilskot, og dei kan søka om støtte til tiltak på både kommunal og fylkeskommunal veg. Kommunane sit på viktig kunnskap om dei lokale utfordringane, ikkje minst når dei jobbar aktivt med trafikktrygging og har oppdaterte ts-planar.

Ordninga for fysiske trafikktryggingstiltak har i år ei samla ramme på 10,6 mill. kr, fastsett i hovudutval for samferdsel og mobilitet (SAMO) 12. januar 2021 (PS 2/2021).

Dei reviderte retningslinjene for tilskotsordninga legg opp til at øvre grense for tilskot vert tilpassa ramma for tilskotsordninga. Vert det såleis tilført ekstra midlar i fylkesbudsjettet, vil det gi høve for å dela ut større tilskot til dei einskilde tiltaka. Dette er med på å gjera tilskotsordninga meir attraktiv for kommunane. For 2021 har det vore mogleg å søkja om tilskot på opptil 1 mill. kr. per tiltak.

Krav i tilskotsordninga

Etter retningslinjene er det krav om minimum 50 prosent kommunal eigendel og krav om at kommunane skal ha oppdatert trafikktryggingsplan for å få tilskot. Om nye kommunar etter samanslåing har gyldige planar frå dei gamle kommunane, kan dei søkje om tiltak forankra i desse planane. For å kvalifisera for tilskot er det eit krav at tiltaka er planavklarte, eller at tiltaka ikkje har behov for planavklaring.

Prioriterte tiltakstypar

Etter retningslinjene vert det prioritert tiltak retta mot mjuke trafikantar, særleg barn og eldre, samt tiltak som reduserer risikoen for møte- og utforkøyringsulykker. Gang- og sykkeltilbod som ikkje ligg langs køyreveg kan også få tilskot. Tiltaka som får tilskot skal innehalde enkle og kostnadseffektive løysingar som direkte medverkar til å auke trafikktryggleiken.

Om søknadane

For 2021-tildelinga vart ordninga lyst ut 21. desember, og søknadsfrist vart sett til 1. februar. Til årets tildeling har det kome inn 53 søknadar med samla søknadssum på drygt 20 mill. kr., altså nær det dobbelte av kva me har til fordeling. Samla kostnad ved tiltaka er 53,7 mill. kr.

Fakta om søknadane:

- 27 av 43 kommunar i Vestland fylke har levert søknad.
- 45 av dei 53 søknadane gjeld kommunal veg, nokre av dei inkluderer kryss/kopling til fylkesveg. Dei resterande åtte gjeld fylkesveg.
- 48 av søknadane gjeld tiltak retta mot mjuke trafikantar. Av desse er 14 søknadar også retta mot andre føremål, i hovudsak møte- og utforkøyringsulykker.
- Totalt er ti av søknadane knytt til møteulykker og tolv knytt til utforkøyringsulykker.

Vedtakskompetanse

Etter siste revidering av Reglement for folkevalde organ og delegering har trafikktryggingsutvalet (FTU) fått vedtaksmynde for fordeling av tilskot frå fylkeskommunen sine tilskotsordningar til trafikktrygging.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tilskotsordningane for trafikktrygging i Vestland får sine midlar frå FTU-midlane, som er fastsett i budsjettsaka for 2021. Ramme for tilskotsordninga vart fastsett av SAMO 12. januar i politisk sak 2/2021.

Klima:

Fysiske trafikktryggingstiltak gir viktige bidrag i arbeidet for ei meir klimavenleg reisemiddelfordeling, då tryggleik er ein viktig faktor for å få fleire til å ta beina eller sykkelen fatt.

Folkehelse:

Fysiske trafikktryggingstiltak kan bidra positivt til folkehelsa, både ved at dei gir færre skadde og drepne i trafikkulykker, og ved at trygge trafikantar og trafikkmiljø fremjar fysisk aktivitet gjennom gåing og sykling. Tiltaka kan også bidra til betre framkome og tilgjenge.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Fysiske trafikktryggingstiltak støttar opp om mål for klima og miljø (sjå klima over), og for lokalsamfunna som ramme for gode kvardagsliv. Tryggleik er ein viktig del av opplevinga av ein stad som attraktiv, og for folk sin mobilitet. Klimavenleg stadutvikling krev trygg ferdsel til og i sentra, til skular og fritidsaktivitetar og til kollektivtransporten.

Om vurderinga av søknadane

Alle tiltak har vore vurdert fagleg etter risiko ved dagens situasjon og kva betydning tiltaka vil ha for å redusera denne risikoen. I ei risikovurdering ser ein på sannsynet for at noko kan skje, og kva konsekvensar det vil ha om ei ulykke inntreffer. Ved mange punkt og strekningar på vegnettet kan ei ulykke medføre alvorleg skade eller død. Men sannsynet for at hendinga skjer kan vera svært låg. Risikoen vert då lågare, sjølv om konsekvensen vil vera høg. Mange stader som vert opplevd som utrygge kan såleis verta vurderte å ha låg risiko. Trafikkmengd, type trafikk, fartsnivå, ulike stadlege tilhøve m.m., er viktige faktorar i ei risikovurdering.

Vidare vert det gjort ei kost-/nyttevurdering av tiltaka, for å sikra at pengane kjem best mogleg til nytte. Me har også sett på plankvalitet, kostnadsestimat og andre faktorar som kan skapa usikkerheit for at tiltaka vert gjennomførte som planlagt.

Det er stilt krav i tilskotsordninga om kommunal medfinansiering (minimum 50 prosent av totalkostnad). Alle søknadane innfrir kravet om eigendel. Vidare er det stilt krav om oppdatert kommunal trafikktryggingssplan (ts-plan). Nye kommunar kan søka om tiltak forankra i planar frå dei gamle kommunane, dersom planane framleis er gyldige. Me stiller kravet fordi me ønskjer å gi kommunane eit insentiv for å prioritera utarbeidinga av trafikktryggingssplanar. Gode ts-planar er eit viktig grunnlag for eit godt lokalt trafikktryggingssarbeid. Det er ikkje vår intensjon med kravet å straffa kommunar som berre i eit kortare tidsrom er utan gyldig plan, og som er i ein aktiv prosess med å få rullert ts-planen. Alle søkjarkommunane som ikkje har gyldig plan er i prosess med å få på plass ein ny ts-plan. Tiltaka dei har søkt om vert difor vurdert på lik line med tiltaka frå dei andre søkjarkommunane.

Fylkesdirektøren sine kommentarar

Påganga på tilskotsordninga i 2021 er god. Søknadsbunken syner at det er mest attraktivt for kommunane å søkja om tilskot til tiltak på eige vegnett. Me ser også at alle søkjarar har ein oppdatert trafikktryggingssplan, eller er i prosess med rullert/ny plan. Dette er positivt. Kravet om oppdatert ts-plan i tilskotsordninga er nettopp eit insentiv til kommunane for å prioritera ts-planarbeidet. Kanskje er også moglegheita for å få pengar til å investera i trafikktryggleik på eige vegnett også eit viktig insentiv. Oppdaterte kommunale trafikktryggingssplanar er heilt sentrale for at kommunane skal kunna ta ei aktiv rolle i trafikktryggingssarbeidet. Me treng kommunane med på laget for å lykkast i måla om reduksjonar i tala drepne og hardt skadde i vegtrafikkulykker.

Det er søkt om mange gode tiltak til årets tildeling, og alle kan ikkje få tilskot. For mange av tiltaka som ikkje er føreslått tilskot, er den noverande situasjonen vurdert å innebere lågare ulykkesrisiko enn for tiltaka som vert føreslått tilskot. Fleire av tiltaka er vurdert å vera av, relativt sett, lågare betydning for trafikktryggleiken, samanlikna med dei føreslåtte tiltaka. I denne tilskotsordninga vert naturleg nok trafikktryggleiken ein avgjerande målestokk. Nokre søknadar gjeld tiltak som mest handlar om å sikra betre framkome. Dette kan vera gode tiltak i seg sjølve, men betydinga for trafikktryggleiken er ikkje alltid like stor. Då vel me å prioritera andre tiltak, for det heilt grunnleggjande føremålet med tilskotsordninga og trafikktryggleiksarbeidet i sin heilskap, er å få færre trafikkulykker og færre som døyr eller vert hardt skadd.

Fylkesdirektøren sitt forslag til tildeling av tilskotsmidlar kan de sjå av tabellen under. Kvart tiltak er kort kommentert. Kommentaraane er med nokre unntak relativt generelle, og syner til vurderingane skildra ovanfor. Fylkesdirektøren vil kommentera nokre tiltak spesielt:

Austrheim kommune søkjer om tilskot til **tiltak nr. 10** «Prosjektering av utbetring Fv.565 Bakkakrysset». For våre eigne fylkesvegprosjekt set me først i gang prosjektering når eit tiltak er prioritert med midlar i investeringsbudsjettet. Å gi tilskot til prosjektering kan verta oppfatta som ei binding inn i kommande budsjett. Det vil ikkje fylkesdirektøren tilrå. Prioriteringa av prosjekt for kommande budsjettår er ein eigen prosess, der alle aktuelle tiltak vert vurdert samla. Me har då betre styring med at investeringsmidlane vert nytta der behovet er størst. Det hadde vore lettare å ta stilling til ein søknad der kommunen søkte om tilskot til bygging av ei avklart løysing for krysset. Fylkesdirektøren er samd i at behovet for tiltak er til stades.

Kvinnherad kommune søkjer om tilskot til **tiltak nr. 31** «Supplering av gatelys utanfor tettbygd strøk, Dimmelsvik». Søknaden legg opp til enkeltstående eller kortare rekkjer med veglys. Veglys er i utgangspunktet eit godt trafiktryggingstiltak, særleg for mjuke trafikantar. Å vera synleg gir sikkerheit og også ei auka kjensle av tryggleik. Fylkesdirektøren vil likevel ikkje tilrå å setta opp enkeltlyspunkt på strekningar der det elles ikkje er lys, eller å setta lyspunkta opp med for stor avstand i mellom. Dette vil skapa mørke soner som kan vera uheldige. Med sterk belysning i eit konsentrert punkt vil vegen på kvar side bli oppfatta som svært mørk. Auga våre treng tid på å tilpassa seg raske overgangar mellom lys og mørke. Som køyrande vert det då vanskelegare å få auge på mjuke trafikantar som er i nærleiken, men ikkje oppheld seg i lyset frå veglysa. Samla sett vil dette truleg ikkje føra til auka tryggleik.

Stryn kommune søkjer om tilskot til **tiltak nr. 44** «Ny avkøyrslé inkl. parkeringsplass Avleivikja, fv. 60 Loen-Olden». Det er behov for tiltak, men avkøyrsla som kommunen legg opp til krev fråvik, og må til handsaming hjå fylkeskommunen. Det er i tillegg behov for å gjera fartsmålingar. Tiltaket er såleis ikkje klart for gjennomføring, og fylkesdirektøren vil difor ikkje tilrå tilskot.

Forslag til tildeling

Tabellen under syner fylkesdirektøren sitt forslag til tildeling av tilskotsmidlar frå ordninga. Samla fagleg vurdering er vist med blå farge. Dess lysare blå, dess betre er tiltaket vurdert å vera. Det er verd å nemna at eit tiltak kan vera godt i seg sjølv, også om det har fått ein mørkare blå farge.

Tilskot til fysiske trafiktryggingstiltak 2021. Forslag til tildeling							
Nr.	Kommune	Omtale av tiltaket	Søknads- sum	Tot.- kostnad	Særskilte merknader	Forslag tildeling	Fag. vurd.
1	Alver	Prosjektering av utbetring kryss kv. Elsåsvegen-fv.5474 og start kv. Elsåsvegen	300 000	600 000	Liten trafikk, låg risiko.		
2	Alver	Fartsdempende tiltak kv.2035 Hjertåsvegen og kv.6059 Kyrhovden	100 000	200 000	Dokumentert høg fart, tiltak med verknad.	100 000	
3	Alver	Gangfelt kv.1021 ved kryss fv.5470 ved Lindås senter	250 000	500 000	Skuleveg, sentralt på Lindås. Grunnlag for gangfelt.	250 000	
4	Askvoll	Oppstramming av parkering ved Bulandet skule og barnehage	250 000	500 000	Godt tiltak. Andre vurdert å ha høgare risiko.		
5	Askvoll	Tiltak for betre hente- og bringesituasjon ved Atløy skule og barnehage	140 625	281 250	Godt tiltak. Andre vurdert å ha høgare risiko.		
6	Askøy	Fjellsikring i skulekrinsar	250 000	500 000	Moderat risiko.		
7	Askøy	Utbetring av kryssingspunkt kv.1212 Kollevågvegen	400 000	800 000	Høg betydning for ts. Skuleveg.	400 000	
8	Askøy	Betre belysning i skulekrinsar, kv.1137 Nordre Myrane	300 000	600 000	Godt tiltak. Andre vurdert å ha høgare risiko.		
9	Austevoll	Hjartesone ved Storebø barneskule	1 000 000	2 500 000	Pakke av tiltak, høg betydning for ts.	1 000 000	
10	Austrheim	Prosjektering av utbetring fv.565 Bakkakrysset	100 000	200 000	Ikkje ønskeleg å gi tilskot utan avklart løysing		

Tilskot til fysiske trafiktryggingstiltak 2021. Forslag til tildeling							
Nr.	Kommune	Omtale av tiltaket	Søknads- sum	Tot.- kostnad	Særskilte merknader	Forslag tildeling	Fag- vurd.
11	Austrheim	G/s-veg fv.565 Mastrevik v/ sjukeheim og kulturskule/seniorsenter	200 000	400 000	Høg betydning for ts. Sentralt i kommunesenter.	200 000	
12	Bjørna- fjorden	Fortau kv. Nilsavegen	500 000	1 000 000	Stort behov for eige tilbod til mjuke trafikantar.	500 000	
13	Bre- manger	Tryggare skuleveg Ålfoten, Sigdestad	225 000	450 000	Låg trafikk, men middels/høg betydning for ts.	225 000	
14	Bømlo	Busstur og kantstopp ved kryss Gåslandsvegen fv.5002	375 000	750 000	Primært eit kollektiv-tiltak		
15	Bømlo	Sikring av kryssingspunkt - Øklandsvegen/Bjørkåsen fv.5002/kv.1077	250 000	500 000	Høg betydning for ts. Uoversiktleg/dårleg kryssingspunkt	250 000	
16	Bømlo	Fjellsikring og tiltak mot utvasking av veg kv.1151 Børøyvegen	1 000 000	2 000 000	Middels/høg betydning for ts.	1 000 000	
17	Bømlo	Rekkverk Andalsvegen kv.1085	100 000	200 000	Godt tiltak. Andre vurdert å ha høgare risiko.		
18	Bømlo	Gangsti i nytt kryssområde frå Myro mot Folderøy skule, KV1226	100 000	200 000	Middels/høg betydning for ts. Foreslått under føresetnad om val av løysing	100 000	
19	Fitjar	Kv.19 Rekkverk ved Kuarvågen	150 000	300 000	Høg konsekvens ved utforkøyring	150 000	
20	Gloppen	Ferdigstilling av g/s-veg langs Gotavegen	130 000	260 000	Høg betydning for ts. Gir samanhengande g/s-tilbod	130 000	
21	Gloppen	Veglys langs fv.615 på Solheim, Hyen	370 000	740 000	Moderat betydning for ts.		
22	Gulen	Veglys langs kommunal g/s-veg Ortneset - Brekke	150 000	300 000	Meir attraktivt tilbod, men låg betydning for ts		
23	Gulen	G/s-veg Byrknes, Nordre garden	175 000	350 000	Middels betydning for ts. Gir samanhengande g/s-tilbod.	175 000	
24	Gulen	G/s-veg Hovden	275 000	550 000	Moderat betydning for ts.		
25	Gulen	Autovern Midtunvegen	62 500	125 000	Lite trafikk, middels betydning for ts		
26	Høyanger	Kyss og køyr-sone ved Høyanger skule	1 000 000	3 300 000	Pakke av tiltak, høg betydning for ts.	1 000 000	
27	Kinn	Gangsti Måløy, gate 2 - 4 til Vågsøy Ungdomsskule	1 000 000	3 315 465	Middels/høg betydning for ts. Viktig for attraktiv skuleveg.	1 000 000	
28	Kvam	Sandvenhagen/Seland - g/s-veg med veglys	1 000 000	8 400 000	Høg betydning for ts. Sentralt i kommunesenter.	1 000 000	
29	Kvinn- herad	Gatelys - kv. 1140 - Geilovegen Valen	300 000	600 000	Høg betydning for ts. Bustadfelt og skuleveg utan lys.	300 000	
30	Kvinn- herad	G/s-veg (fortau) med veglys kv.1127 - Bogsnes	425 000	850 000	Ferdigstilling av fortau m/lys på skuleveg	425 000	
31	Kvinn- herad	Supplering av gatelys utanfor tettbygd strøk, Dimmelsvik	200 000	400 000	Ikkje samanhengande lyssetting - negativ lys-/mørkekontrast		
32	Kvinn- herad	Utbetring kryss fv. 500 - Sæbøvikvegen X kv.1217 - Heio. Sikt, fortau og busslomme	750 000	1 500 000	Godt tiltak. Andre vurdert å ha høgare risiko.		

Tilskot til fysiske trafiktryggingstiltak 2021. Forslag til tildeling							
Nr.	Kommune	Omtale av tiltaket	Søknads- sum	Tot.- kostnad	Særskilte merknader	Forslag tildeling	Fag- vurd.
33	Luster	Veglys Skjolden, Mørkridsvegen (fv.5639)	136 125	272 250	Låg betydning for ts grunna få brukarar.		
